

Konsekvensutgreiing og ROS-analyse av enkeltareal

Delområde 5 Vikse

Lenke til innspela:


<https://www.sveio.kommune.no/plan-bustad-og-eigedom/plan-bygg-og-eigedom/planarbeid/planprosessen-for-kommuneplanen/>

Innhald

1.	OVERSIKTSKART	3
2.	BUSTADER/SPREIDDE BUSTADER (LNF)	4
	14.12603 Bustader, gbnr. 72/2	4
	16.11672_4 Bustader, gbnr. 60/1 m.fl.....	8
	17.17397_1 Bustader, gbnr. 72/6.....	12
	18.5621 Bustader, gbnr. 67/11 og 13	15
	19.3899_1 og _2 Bustader, gbnr. 69/36 og 69/4	18
	19.3899_3, _4 og _5 Bustader, gbnr. 69/4, 15, 48 og 90.....	21
3.	FRITIDSBUSETNAD/SPREIDD FRITIDSBUSETNAD (LNF)	24
	16.11053_2 og 3 Fritidsbusetnad, gbnr. 56/17	24
	16.11669 Fritidsbusetnad, gbnr. 64/1	27
	19.5690_1 og _2 Fritidsbusetnad, gbnr. 70/84 m. fl. og 20.4070 Fritidsbusetnad, gbnr. 70/26	30
	23.3942 Fritidsbusetnad, gbnr. 64/19	34
4.	FRITIDS- OG TURISTFØREMÅL.....	37
	21.10986_1 og 2 Fritids- og turistføremål, gbnr. 60/2, inkl. tilkomstveg	37
5.	NÆRINGSBYGNINGAR	40
	16.11672_2 Næringsbygningar, gbnr. 60/1, 9 m.fl.	40
	Adm. 1 Næringsbygningar, gbnr. 72/1-3, m.fl.	43
6.	ANDRE TYPAR BYGNINGAR OG ANLEGG.....	46
	19.3899_6 Andre typar bygningar og anlegg, gbnr. 69/4	46
	23.3665_2 Andre typar bygningar og anlegg, gbnr. 60/89	49
	17.11323_1 og 2 Andre typar bygningar og anlegg, gbnr. 56/98, 56/1.....	52
7.	KOMBINERT BYGGJE- OG ANLEGGFORMÅL.....	55
	20.7958 Kombinert formål, gbnr. 72/4 m.fl.	55
8.	GRØNSTRUKTUR	58
	18.15193 Naturområde, gbnr. 56/9, 38 m.fl.	58
9.	LNF-AREAL.....	61
	21.9007 LNF, gbnr. 62/11	61
10.	FRILUFTSOMRÅDE I SJØ.....	64


19.5420 Friluftsområde i sjø, gbnr. 66/12	64
11. HAMNEOMRÅDE I SJØ	67
23.7327_1 Hamneområde i sjø.....	67
12. FLEIRE FØREMÅL.....	70
16.11897_1 Spreidde bustader, 16.11897_3 Andre typar bygningar og anlegg (naust), og 16.11897_4 Småbåthamn, 23.2033 Kombinert formål (naust og næringsbygningar), gbnr. 60/4.....	70
17.17369_1 Fritidsbusetnad, 17.17369_2 og _3 Andre typar bygningar og anlegg, gbnr.64/8 m.fl.	74
22.7854_1 og _4 Idrettsanlegg, 22.7854_2 Friområde og 22.7854_3 Kombinert føremål, gbnr. 67/2	78
23.3663_1 Kombinert føremål, gbnr. 61/4, 11 og 23.3663_2 LNF, gbnr. 61/1	82

1. OVERSIKTSKART



2. BUSTADER/SPREIDDE BUSTADER (LNF)

14.12603 Bustader, gbnr. 72/2

Skildring av arealendringa:	
<p>Gjeldande arealbruk: LNF Idrettsanlegg (SK_2: skytebane) Omsynssone friluftsliv</p> <p>Planlagt arealbruk/tal einingar: Bustader</p>	<p>Arealendring</p> 
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 280 daa (der bustadareal vert om lag 120 daa).
Skildring av området	Innspelet ligg på Våga, på kommunegrensa til Haugesund kommune. I følgje innsendar er området småkupert, med sterke topografiske element og lett vegetasjon. Deler er tidlegare beitemark, medan storparten er utmark, myr, kratt og fjellknausar. Det er i frå før etablert nokre bustad- og fritidsbustader i området, samt fylkesveg 4942 langs eit av dei to vatna i området. Fv. 47 (Tittelsnesvegen) går like ved området, som grensar mot Haugesund kommune.
Aktuelle problemstillingar	Friluftsliv Strandsone (langs vassdrag) Deler av innspelet er vist som skytebane i gjeldande plan. Overordna vurdering av behov for bustader i kommunen og i delområdet

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald	<p>Markslag: Storparten er open fastmark, men nokre mindre teigar med skog og innmark.</p> <p>Naturtypar: Ingen registreringar</p> <p>Naturvern: Ingen registreringar</p> <p>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.</p> <p>Artar: Ingen registreringar</p> <p>Innspelet er ikkje dekkja av naturtypekartlegging (NiN). I rapporten «Kartlegging av kystlynghei i Hordaland» frå 2012 er området registrert med ope lynghei.</p>	<p>Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.</p> <p>Arealet er stort, og i hovudsak urørt, og det er truleg kystlynghei i området. Ei utbygging vil kunne ha vesentlege negative konsekvensar for naturmangfald i området.</p>	-2
Friluftsliv	<p>Statleg sikra friluftsområde: Ingen</p> <p>Kartlagde friluftsområde: Tveit/Lindøy/Søravåge (viktig friluftslivsområde), jordbrukslandskap, som er om lag 6.900 daa stort.</p> <p>Arealet ligg langs to vatn, og er avsett til LNF-føremål med omsynsone friluftsliv. Det er etablerte turstiar i området.</p>	<p>Innspelet er i arealkonflikt med særleg del av registrert friluftslivsområde, som heng saman med større grøntareal. Består òg av umerka turstiar/nærturområde. Ei utbygging med bustader vil medføre privatisering av strandsona i området, og innspelet vil såleis ha negativ verknad for friluftsliv</p> <p>Innspelet overlappar med omsynsone i gjeldande KPA; eit friluftslivsområde registrert som viktig. Området er stort, og innspelet ligg i særleg utkant av området. Ei utbygging i området har negative konsekvensar for friluftsliv, men ei mindre utbygging vil truleg kunna tilpassast friluftslivverdiane.</p>	-2
Landskap	<p>Innspelet er ein del av Beskyttet indre småkupert kystslette (NiN). Innspelet ligg innanfor landskaps-type Kystheiene, og har landskapsverdi 2 – vanlig førekomande i lokal samanheng.</p> <p>Innspelet ligg på Kleivafjell/Brattafjell, mellom Holmalivatnet og Kallandsvatnet. Innspelet ligg tilknytt eksisterande busetnad og infrastruktur.</p> <p>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/</p>	<p>Landskapet i området er så kupert at innspelet vil medføre store terrengingrep. Innspelet ligg tilknytt eksisterande busetnad og infrastruktur, så ei vidare utbygging i området vil såleis ikkje medføre vesentlege endringar i området, sjølv om terrengingrepa vert store.</p> <p>Området ligg skjerma for innsyn mot. nærverknad og fjernverknad.</p>	-2
Kulturminne og kulturmiljø	<p>Det er ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø innanfor eller i nærleiken av innspelet. Det er to SEFRAK-registrerte bygg vest i området (eldhus og løe).</p>	<p>Innspelet er ikkje i direkte arealkonflikt med registrerte kulturminne eller kulturmiljø. SEFRAK-bygg ligg tilknytt eksisterande busetnad heilt vest, og vert topo-</p>	0

		grafisk åtskilt det føreslegne bustadområdet.	
Naturressursar	Markslag: Storparten er open fastmark, med spreidde teigar med skog (ca. 66 daa) med middels/høg bonitet, 5,2 daa fulldyrka mark og 18,4 daa innmarksbeite.	Utbygging vil medføre tap av areal med skog, samt eit areal fulldyrka mark og innmarksbeite.	-2
Teknisk infrastruktur	Innspela har ikkje etablert vegtilkomst og annan infrastruktur, men ligg i tilknytning til eksisterande bygde område, og kan såleis truleg kopla seg på infrastruktur i desse områda relativt enkelt. Det er kollektivtilbod og fortau langs fv. 47.		-1
Nærmiljø og stadutvikling	Det er bustader og fritidsbustader i nærleiken, samt Ekrene næringspark. Funksjonar, mellom anna skule, ligg tilknytt Ekrene/Rophus, som ligg lenger vest, på andre sida av fv. 47, om lag 4 km frå innspelet. Innspelet vil såleis truleg innebere skuleskyss (Over 2 km for elevar i 1. klasse, og over 4 km for elevar i 2.-10. klasse). Innspelet opnar for ei vidareutvikling av Ekrene/Rophus lenger vekk i frå tettstaden og etablerte funksjonar.		-1
Karbonrike areal	Noko mindre myrareal, men ca. 66 daa skog med middels og høg bonitet, samt ca. 23 daa dyrka mark, som er definert som karbonrike areal.		-2
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		X
Strandsone	Deler av innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs vassdrag. Mot sør dannar fv. 4942 ein konstruert barriere mot Kallandsvatnet, medan strandsona langs Holmalivatnet er meir urørt og difor viktig å sikre i ein ev. reguleringsplan.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet ligg i eit område med etablert infrastruktur, tett på andre bustader/fritidsbustader. Det er likevel så få etablerte bygg at bustadområdet vil framstå som eit nytt område. Det er om lag 4 km frå området til sentrum i Rophus/Ekrene, med mellom anna skule, og fleire av bustadane i området vil såleis truleg koma inn under skuleskyssordninga (over 4 km). Utbygging med nye bustader kan vera samfunnsnyttig ved eit definert bustadbehov, men utbygging i strandsona mot vassdraget vil medføre privatisering av eit område som er tilgjengeleg for ålmenta i dag. Areal er i dag urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv.		



ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	To mindre aktsemdsområde for snøskred og steinsprang.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Mindre areal under marin grense.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Mindre aktsemdsområde for flaum langs Kallandsvatnet og Holmalivatnet.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ikkje ligg til sjø og vert såleis ikkje råka av stormflo/havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegframføring til- og langs området, men utan fortau. Det er fortau og undergang under fv. 47. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn

	Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er gul støysone langs fv. 4942. Det er ingen støyande verksemder tett på innspelet, og som heller ikkje vil ei særskilt auke i støy til omgjevnadane. Om lag 600 meter lenger aust ligg det ein skytebane som er mykje brukt.		
Stråling frå høgspenning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Høgspenninglinje går i frå søraust til nordvest gjennom området.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 7,5 km frå innspelsområdet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	-2	-2	0	-2	-1	-1	-2	X
<p>Innspelet ligg i eit relativt urørt område, med karbonrike areal. Det er truleg kystlynghei i området. Området ligg innanfor friluftslivsområde og byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs to vatn. ROS-analysen gir fleire potensielle farar, men desse kan truleg handterast i reguleringsplan. Det same kan omsyn til friluftslivsverdiar og landskap/terrengingrep ved etablering av bustadområdet. Det er etablert infrastruktur fram til området.</p> <p>Avstanden til Vikse skule er om lag 4 km, og det vil truleg vera behov for skuleskyss for fleire av bustadane. Området er stort, og vil følgjeleg opna for eit stort antal bustader.</p> <p>Innspelet opnar for ei ny utbygging på «feil» side av fv. 47, vekk i frå eksisterande tettstad med tilhøyrande funksjonar. Deler av arealet er vist som skytebane i gjeldande plan. Det må avklarast om dette er eit føremål som skal vidareførast.</p> <p>ROS-analyse: skred, kvikkleire, trafikktryggleik, støy, stråling i frå høgspenning</p>								
Fagleg tilråding innspel: Negativ tilråding								

16.11672_4 Bustader, gbnr. 60/1 m.fl

<p>Gjeldande arealbruk: Del av Mølstrevåg - gnr. 61 (PlanID 4612_1986002): LNF Bustader Industri KPA: Bustader LNF og LNF-spreidd bustader Omsynssone friluftsliv i nord</p>	<p>Arealendring</p> 
<p>Planlagt arealbruk/tal einingar: Bustader</p>	
<p>Arealstorleik planlagt arealbruk</p>	<p>Om lag 80 daa</p>
<p>Skildring av området</p>	<p>Innspelet ligg i Mølstrevåg, like aust for Ølen betong sitt anlegg. Det er etablert eiebustader i området, samt eitt næringsbygg. Det er etablert fleire eiebustader i landbruksområdet i gjeldande reg.plan. Sørleg del av innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø. Funksjonell strandsone er ikkje kartlagd i området. Innspelet består elles av skog og eit lite areal fulldyrka mark. I reguleringsplanen frå 1986 er innspelet regulert til LNF, bustader og industri.</p>
<p>Aktuelle problemstillingar</p>	<p>Strandsone Overordna vurdering av behov for bustader i kommunen og i delområdet Gjeldande reguleringsplan</p>

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald	<p>Markslag: Storparten er bygd areal, med ein mindre del skog og dyrka mark.</p> <p>Naturtypar: I sør er det kystlynghei med middels verdi/svært låg kvalitet, og i nord er det kystlynghei med stor verdi/låg kvalitet.</p> <p>Naturvern: Ingen registreringar.</p> <p>Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.</p> <p>Artar: Ingen registreringar.</p>	<p>Tiltaket vil medføre arealbeslag og nedbygging av to område med kystlynghei. Ein kan unngå nedbygging av naturtypen dersom ein avgrensar innspelsområdet i sør og i nord. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.</p> <p>Elles består innspelet av fortetting mellom bygde tomter, som ikkje vil utgjere særlege negative konsekvensar for naturmangfald, anna enn arealbeslag.</p>	-2
Friluftsliv	<p>Statleg sikra friluftområde: Ingen</p> <p>Registrerte friluftslivområde: Ingen</p> <p>Deler av innspelet overlappar med omsynssone for friluftsliv i gjeldande kommuneplan.</p> <p>Innspelet ligg dels i strandsona, som i området er definert som potensielt tilgjengeleg (inngrepsfri), med i hovudsak «noe» hellingsgrad (mellom 3 og 10 grader).</p>	<p>Ei utbygging med bustader i sør vil medføre privatisering av strandsona i området, og innspelet vil såleis ha negativ verknad for friluftsliv. Ein kan unngå nedbygging dersom ein avgrensar innspelsområdet i sør.</p>	-2
Landskap	<p>Innspelet er ein del av Moderat bølgeeksponert småkupert kystslette (NiN). Innspelet ligg innanfor landskapstype Våg- og smalsundlandskap, og har landskapsverdi 2 – vanlig førekomande i lokal samanheng.</p> <p>Landskapet i området er småkupert, og består av bygde bustadeigedomar, skog og noko dyrka mark. Området er sørvendt, men der sørleg del av innspelsområdet ligg på ein rygg mot sjø. Nordre del ligg i eit søkk, skrånande mot sør.</p> <p>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/</p>	<p>Ei utbygging i sørleg del vil medføre særleg synlege inngrep i strandsona, men det ligg andre tiltak (bustader og naust) i strandsona. Ei vidare utbygging i området vil såleis ikkje medføre vesentlege landskapsendringar i området.</p> <p>Elles vil utbygginga bera preg av fortetting av eksisterande bustadområde. Konsekvensane er såleis avgrensa.</p>	-1
Kulturminne og kulturmiljø	<p>Det er ingen registrerte kulturminne innanfor eller i nærleiken av innspelet. Det er registrert kulturmiljø/SEFRAK-registrert bygg (ELDHUS) innanfor innspelet.</p>	<p>Eigedomen med eldhuset er i dag bygd med bustadhus, og konsekvensane er såleis avgrensa.</p>	-1
Naturressursar	<p>Fem mindre teigar med til saman 18 daa skog med høg bonitet.</p> <p>To mindre teigar med til saman 4,6 daa fulldyrka jord, samt 1,1 daa overlatedyrka jord.</p>	<p>Ei utbygging medføre tap av barskog med høg bonitet, samt fulldyrka og overlatedyrka jord.</p>	-2

Teknisk infrastruktur	Det er etablerte vegtilkomstar og annan infrastruktur tilknytt eksisterande bustadtomter, og kan såleis truleg kopla seg på infrastruktur i desse områda relativt enkelt. Det er kollektivtilbod langs fv. 4980, men ikkje fortau eller gatelys.	-1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet inneber ei fortetting av eksisterande bustadområde, som dels er etablert etter dispensasjon i frå gjeldande reguleringsplan. Området ligg om lag 5 km frå Ekrene/Rophus, der mellom anna skulen ligg. Dette vil innebere skuleskys for alle elevar frå 2.-10. klasse (over 4 km).	-1
Karbonrike areal	Til saman 18 daa skog med høg bonitet, samt 5,7 daa dyrka mark, som er definert som karbonrike areal.	-1
Næringsliv og sysselsetting	Gode bustadtilbod tett på ein arbeidsplass kan vera eit gode for den enkelte bedrifta. Samstundes kan bustader tett på industri representere interessekonfliktar.	0
Strandsone	Sørleg del av 0 ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø. Ønska arealbruk er bustad, og Strandsonerettleiaren for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsone. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokalisert til annan busetnad. Innspelet er såleis ikkje i tråd med strandsonerettleiaren/SPR.	
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet ligg i eit område med etablert infrastruktur, og det er allereie etablert fleire bustader i området. Ølen betong ønskjer å kunne tilby bustader for sine tilsette tett på anlegget. Det er likevel uheldig å lokalisere bustadareal så tett på eit industriområde. Innspelet ligg i relativt lang avstand frå etablerte senter i kommunen, og etablering av fleire bustader i området vil mellom anna innebere behov for skuleskys. I eit miljøperspektiv er det positivt å utnytte område som allereie er prega av inngrep, framføre å ta i bruk urørte område.	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg dels under marin grense.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ikkje ligg til sjø og vert såleis ikkje råka av stormflo/havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegframføring til- og langs området, men utan fortau. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspela.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er gul støyzone langs fv. 4980. Innspelet ligg inntil industriområde med støyande verksemdar.		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er høgspennleidningar nord i innspelsområdet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Sveio, om lag 5 km frå innspelsområdet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	-2	-1	-1	-2	-1	-1	-1	0

Innspelet ligg i eit område som allereie er bygd ut med bustader, og det er såleis etablert infrastruktur i området. Innspelet ligg dels innanfor byggjeforbodet i strandsona og rører dels ved to området med naturmangfald (kystlynghei) og dyrka mark. Innspelet er lite gunstig plassert med omsyn til senterstrukturen i kommunen. Innspelet ligg tett på industriområdet, med støy- og støvproblemetikk, samt tungtransport, og er såleis ikkje eigna til bustadføremål.


Området kring Ølen betong er eit område med ulike interesser, knytt til næringsverksemda og friluftslivinteresser kring Ryvarden. Det er registrert naturtypar med stor og svært stor verdi i området, samstundes som parkering- og trafikksituasjonen er krevjande. Området er regulert i planen Del av Mølstrevåg - gnr. 61 frå 1986. Heile dette området bør handsamast i ein områdeplan, for å søka å finna gode løysingar der næringsverksemda får høve til utvikling, samstundes som friluftslivinteressene og nærliggande bustader vert tekne i vare.

ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik, støy, høgspent

Dette gjeld for innspela 16.11672_2, 23.7327_1, 23.3663_1 og 23.3663_2 i tillegg til dette innspelet.

Fagleg tilråding innspel: Innspelet må sjåast i samanheng med andre innspel i same område.

17.17397_1 Bustader, gbnr. 72/6

<p>Gjeldande arealbruk: LNF</p>	<p>Arealendring</p> 
<p>Planlagt arealbruk/tal einingar: Bustader</p>	
<p>Arealstorleik planlagt arealbruk</p>	<p>10,7 daa</p>
<p>Skildring av området</p>	<p>Innspelet ligg på Treshaugen i Ekrevika, tilgrensande eit etablert bustadfelt. Eigedomen er ubygd, og ligg til landbrukseigedom like nord. Arealet er småkupert, med spreidde skogteigar og elles beitemark.</p>
<p>Aktuelle problemstillingar</p>	<p>Friluftsliv Strandsone Landbruk Overordna vurdering av behov for bustader i kommunen og i delområdet</p>

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
<p>Naturmangfald</p>	<p>Markslag: Overflatedyrka jord, innmarksbeite, skog Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje reg. Arter: Ikkje registrert</p>	<p>Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsone er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsone er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.</p>	<p>-1</p>
<p>Friluftsliv</p>	<p>Statleg sikra friluftområde: Ingen Kartlagde friluftsområde: Innspelet overlappar litt med Viksevika (svært viktig friluftslivsområde), som er badeplass for innbyggjarar i Vikse-området. Storparten av innspelet ligg i strandsone, og er registrert som</p>	<p>Innspelet vil kunne medføre negative konsekvensar for den registrerte badeplassen i vika. Bustadføremål vil medføre vesentleg privatisering av strandsone i området, sjølv om strandsone i området er noko vanskeleg tilgjengeleg grunna</p>	<p>-2</p>

	ikkje potensielt tilgjengeleg, grunna eksisterande bustadhus og terreng.	topografi og landbruksdrift i området.	
Landskap	Innspelet er ein del av Beskyttet indre småkupert kystslette (NiN). Innspelet ligg innanfor landskaps-type Våg- og smalsundlandskap, med landskapsverdi 3 (middels verdi) – vanlig førekomande i regional samanheng, og/eller over gjennomsnittet lokalt. Innspelet ligg på Treshaugen i Ekrevika, nære eit etablert bustadfelt. Strandsona i området er særleg synleg i frå vest. Det ligg fleire bustader på Treshaugen i frå før. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Innspelet ligg særleg synleg i frå sjøsida, grunna naturleg terreng. Det er fleire bustader her i frå før, men ei utbygging i strandsona i området vil likevel vise igjen frå sjøsida, og vil medføre vesentlege konsekvensar for landskap. Sjølv om det ikkje er etablert tiltak i innspelsområdet, ligg det til andre tiltak (bustadhus) i strandsona. Ei vidare utbygging i området vil såleis ikkje medføre vesentlege endringar i området.	-2
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne, kulturmiljø eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor eller i nærleiken av innspelet.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Naturressursar	Markslag: Liten del skog, 8 daa innmarksbeite og 2,2 daa overflate-dyrka jord.	Utbygging vil medføre tap av eit ubetydeleg areal med skog, samt overflatedyrka mark og innmarksbeite.	-2
Teknisk infrastruktur	Innspelet har ikkje etablert vegtilkomst og annan infrastruktur, men ligg i tilknytning til eksisterande bygde område, og kan såleis truleg kopla seg på infrastruktur i desse områda relativt enkelt. Det er kollektivtilbod og fortau langs fv. 47.		0
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg i tilknytning til etablerte bustader Det er om lag 3,5 km til sentrum av Ekrene/Rophus, der mellom anna skulen ligg. Dette vil innebære skuleskys for elevar i 1. klasse (over 2 km).		0
Karbonrike areal	Det er registrert mindre område med karbonrike areal (ca. 10 daa).		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		X
Strandsone	Storparten av innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø, samt funksjonell strandsona. Denne er i all hovudsak samanfalle med 100-meterbeltet i området. Ønska arealbruk er bustad, og Strandsonerettleiaren for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad. Innspelet er såleis ikkje i tråd med strandsonerettleiaren/SPR.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet ligg i eit område med etablert infrastruktur, tett på andre bustader. Utbygging med bustader kan vera samfunnsnyttig ved eit definert behov, men utbygging i strandsona vil medføre privatisering av eit område som er tilgjengeleg for ålmenta i dag. Areal er i dag urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg i all hovudsak ikkje under marin grense.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for flaum.		

Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ikkje ligg til sjø og vert såleis ikkje råka av stormflo/havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegfråføring til området, men utan fortau. Det er fortau og langs fv. 47, men på andre sida av vegen. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i området.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er gul støysone langs fv. 47, som går inn på ein liten del heilt søraust. Det er ingen støyande verksemdar tett på innspelet, og som heller ikkje vil ei særskilt auke i støy til omgjevnadane.		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert høgspennleidningar i området		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 7,5 km frå innspelsområdet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	-2	-2	0	-2	0	0	-1	X

Innspelet ligg i eit relativt urørt landbruksområde, tilgrensande eit etablert bustadområde. Det er etablert infrastruktur i nærleiken av området. Det er vesentlege negative konsekvensar av innspelet for fleire tema. Området ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og funksjonell strandsone, samt ein liten del friluftsområde.

ROS-analyse: trafikktryggleik

Fagleg tilråding innspel: Negativ tilråding

18.5621 Bustader, gbnr. 67/11 og 13

Gjeldande arealbruk: LNF	Arealendring
Planlagt arealbruk/tal einingar: To bustader (rive eks. bustad og etablere to nye)	
Arealstorleik planlagt arealbruk	1,6 daa
Skildring av området	Området fell ned mot sjø, der det er etablert naust/uthus, brygge og kai. Det er etablert eit bustadhus med garasje på eigedomen, som ligg innanfor byggjeforbodssona i 100-metersbeltet og funksjonell strandsone.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Naturressursar Overordna vurdering av behov for bustader i kommunen og i delområdet

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald	Markslag: fulldyrka jord, impediment og bygd areal. Naturtypar: Ingen registreringar. Naturvern: Ingen registreringar. Vilt/funksjonsområde: Ingen reg. Arter: Ingen registreringar.	Tiltaka vil medføre arealbeslag og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsone er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsone er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-1
Friluftsliv	Statleg sikra friluftområde: Ingen Kartlagde friluftsområde: Ingen Innspelet ligg i strandsone, som i området i all hovudsak er definert som ikkje tilgjengeleg grunna eksisterande inngrep (bustad).	Etablering av tiltaka vil medføre auka arealbeslag og privatisering av strandsone.	-2
Landskap	Innspelet er ein del av Moderat bølgeeksponert småkupert kystslette (NiN). Innspelet ligg innanfor landskapstype Våg- og smalsundlandskap, og har landskapsverdi 2 – vanlig førekomande i lokal samanheng. Landskapet i området skrår ned i frå Straumavegen mot sjø, og består av dyrka mark, bustad med garasje, naust/bod, kai og	Etablering av tiltaka vil medføre synlege inngrep, men landskapsrommet ved sjø er relativt skjerma. Førslått plassering ligg ikkje like skjerma bak kolle mot sjø som eksisterande bustad.	-1

	brygge. Området rundt er spreidd utbygd. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/		
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor eller i nærleiken av innspelet. Det er heller ikkje registrert kulturmiljø innanfor arealet, men like nord ligg det eit gardsmiljø (H570_83B) i to tun med bygningar frå 18- og 1900-talet.	Ingen kjende konsekvensar. Tiltaka ligg lenger nede i landskapet og vil ikkje påverke det registrerte gardsmiljøet visuelt.	0
Naturressursar	Det er registrert om lag 0,6 daa fulldyrka jord.	Ei utbygging medføre tap av eit avgrensa areal fulldyrka jord.	-1
Teknisk infrastruktur	Innspelet har etablert vegtilkomst. Det er truleg etablert anna privat infrastruktur, som dei nye einingane kan kopla seg på relativt enkelt. Det er ikkje kollektivtilbod, veglys eller fortau langs Straumavegen.		-2
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg i tilknytning til etablerte bustader, naust og småbåtanlegg. Det er om lag 2,5 km frå innspelet til sentrum av Ekrene/Rophus. Dette vil innebere skuleskyss for elevar i 1. klasse (over 2 km).		0
Karbonrike areal	Det er registrert fulldyrka jord, som er definerte som karbonrike areal. Storleik på arealet gjer at verknaden vert avgrensa.		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		X
Strandsone	Innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø, samt funksjonell strandsone. Denne er i all hovudsak samanfallande med 100-meterbeltet i området, men trekt noko lenger mot sjø. Ønska arealbruk er bustader, og Strandsonerettleiaren for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokalisert til annan busetnad. Innspelet er såleis ikkje i tråd med strandsonerettleiaren/SPR.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet ligg i eit område med spreidd busetnad, med etablert infrastruktur. Det er om lag 2,5 km til sentrum av Ekrene/Rophus, og området er såleis relativt godt plassert med omsyn til lokalisering av nye bustader. Utbygging med bustader kan vera samfunnsnyttig ved eit definert behov, men utbygging i strandsona vil medføre privatisering av eit område som er tilgjengeleg for ålmenta i dag.		


ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg under marin grense. Registrerte lausmassar i området er morenemateriale.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ikkje ligg til sjø og vert såleis ikkje råka av stormflo/havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegframføring til området, men utan fortau. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i området.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn

	Det er ingen støyande verksemder tett på innspelet, og som heller ikkje vil ei særskilt auke i støy til omgjevnadane.		
Stråling frå høgspenst	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert høgspenstleidningar i området		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 8 km frå innspelsområdet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	-2	-1	0	-1	-2	0	0	X
<p>Innspelet ligg i eit etablert spreidd bustadområde, og det er etablert infrastruktur. Området ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og funksjonell strandsone, og arealet overlappar med fulldyrka mark. På bakgrunn av dette vert innspelet ikkje tilrådd.</p> <p>ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik</p>								
Fagleg tilråding innspel: Negativ tilråding								

19.3899_1 og _2 Bustader, gbnr. 69/36 og 69/4

Skildring av arealendringa:	
<p>Gjeldande arealbruk: 19.3899_1: LNF Andre typar bebyggelse og anlegg (E2 Energiproduksjon?) 19.3899_2: LNF</p> <p>Planlagt arealbruk/ tal einingar: 19.3899_1 (1): Bustader 19.3899_2 (2): Bustader</p>	<p>Arealendring</p> 
Arealstorleik planlagt arealbruk	19.3899_1 (1): 25 daa 19.3899_2 (2): 23 daa
Skildring av området	Innspelsområde 1 ligg på Tjørnåsen mot vest, og område 2 ligg på Nausene mot aust. Begge områda er kuperte, med sterke topografiske element og lett vegetasjon. Storparten er utmark, kratt og fjellknausar. Det er i frå før etablert nokre bustader i området, i tillegg til at fv. 4980 går mellom dei to innspelsområda.
Aktuelle problemstillingar	Overordna vurdering av behov for bustader i kommunen og i delområdet Terreng/landskap Alternativ plassering av energiproduksjon?

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens
Naturmangfald	<p>Markslag:</p> <p>1: Storparten open fastmark, mindre deler innmarksbeite 2: Impediment, skog og innmarksbeite</p> <p>Naturtypar:</p> <p>1: Kystlynghei av svært stor verdi/høg kvalitet 2: Ca. 2 daa i sør med naturbeitemark med svært stor verdi, og i nord er det registrert utvalt naturtype hol eik</p> <p>Naturvern: Ingen registreringar Vilt/funksjonsområde: Ingen reg. Arter: Ingen registreringar, men registrert sandsvale lenger sør</p>	<p>1: Tiltaket vil medføre arealbeslag og nedbygging av eit område som er vurdert med svært stor verdi (kystlynghei), med god tilstand og stort naturmangfald. Naturtypen dekker heile innspelsområdet.</p> <p>2: Tiltaket vil medføre arealbeslag og nedbygging av 2 daa av eit område som er vurdert med svært stor verdi (naturbeitemark), med god tilstand og stort naturmangfald. Ein kan unngå nedbygging av naturtypen dersom ein avgrensar innspelsområdet i sør. Det same gjeld den hole eika som er registrert i nord.</p>
Friluftsliv	Statleg sikra friluftområde: Ingen Kartlagde friluftsområde:	<p>1: Innspelet er i arealkonflikt med ein mindre del av eit viktig frilu-</p> <p>1: -3 2: -2</p> <p>1: -2 2: 0</p>

	1: Mindre deler i nord går inn i Straumsvollvatnet (viktig friluftslivsområde), nærturterreng, som er om lag 1 daa stort. 2: Ingen	ftsområde, som heng saman med større grøntareal. Ei utbygging i området har negative konsekvensar for friluftsliv, men ei utbygging vil truleg kunna tilpassast friluftslivverdiane. 2: Ingen kjende konsekvensar for friluftsliv.	
Landskap	Innspela er ein del av Beskyttet indre småkupert kystslette (NiN). Innspelet ligg innanfor landskaps-type Kystheiene, og har landskapsverdi 2 – vanlig førekomande i lokal samanheng. Innspel 1 ligg på Tjørnåsen mot vest, og innspel 2 ligg på Nausene mot aust. Innspela ligg tilknytt eksisterande busetnad og infrastruktur. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	1 og 2: Landskapet i området er kupert og innspela vil medføre vesentlege terrengingrep. Områda ligg skjerna for innsyn mot. nærverknad og fjernverknad.	-2
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne, kulturmiljø eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor eller i nærleiken av innspelet.	1 og 2: Ingen kjende konsekvensar.	0
Naturressursar	Markslag: 1: Storparten open fastmark, mindre deler innmarksbeite 2: Impediment, samt 5 daa skog og 4 daa innmarksbeite	1: Utbygging vil medføre tap av areal nytta til beite (kystlynghei) 2: Utbygging vil medføre tap av mindre areal med skog og innmarksbeite.	1: -2 2: -1
Teknisk infrastruktur	Innspela har ikkje etablert vegtilkomst og annan infrastruktur, men ligg i tilknytning til eksisterande bygde område, og kan såleis truleg kopla seg på infrastruktur i desse områda relativt enkelt. Det er kollektivtilbod langs fv. 4980, men ikkje fortau eller gatelys.		-1
Nærmiljø og stadutvikling	Det er bustader i nærleiken, og avstanden til sentrum i Rophus/Ekrene ligg om lag 1,5 km frå innspela. Det er såleis ei god lokalisering for bustadområde, med sykkelavstand til sentrum, og ikkje behov for skuleskyss. Innspela opnar såleis for ei vidareutvikling av Ekrene/Rophus.		+1
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal i form av skog og innmarksbeite innanfor innspela (ca. 10 daa).		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		X
Strandsone	Ikkje relevant.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet ligg i eit område med etablert infrastruktur, tett på andre bustader og ligg relativt nære grendasenteret Rophus/Vikse. Området er såleis relativt godt plassert med omsyn til lokalisering av nye bustader. Areal er i dag urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv.		


ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje under marin grense.		

Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg til sjø og vert såleis ikkje råka av stormflo/havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegframføring til- og langs området, men utan fortau. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er gul støysone langs fv. 4980. Det er ingen støyande verksemdar tett på innspelet, og som heller ikkje vil ei særskilt auke i støy til omgjevnadane.		
Stråling frå høgspent	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	1: Høgspentlinje går i grensa mot vest og i sør. 2: Ingen høgspentlinjer.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 6,5 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
1: -3	1: -2	-2	0	1: -2	-1	+1	-1	X
2: -2	2: 0			2: -1				
<p>Innspelet ligg i eit relativt urørt område, tilgrensande nokre få bustader. Begge innspeleområda innehar betydelege naturverdiar, og utbygging i områda vil medføre store landskap/terrengingrep, då det er svært kupert terreng i området.</p> <p>Det er etablert infrastruktur og området ligg relativt nær sentrum av Rophus/Ekrene, og er såleis godt plassert i forhold til senterfunksjonane i dette delområdet.</p> <p>Innspelet 1 overlappar med kystlynghei av svært stor verdi og vert negativt tilrådd. Innspelet 2 må justerast til utanfor registrerte naturtypar sør og nord i innspelet. Dersom det er behov for nytt bustadareal i dette området kan dette justerte arealet tilråddast positivt.</p> <p>ROS-analyse: trafikktryggleik, støy</p>								
Fagleg tilråding innspel 1 (19.3899_1): Negativ tilråding								
Fagleg tilråding innspel 2 (19.3899_2): Justert positiv tilråding (utanfor registrerte naturtypar), dersom det er behov for nytt bustadareal i dette området.								

19.3899_3, _4 og _5 Bustader, gbnr. 69/4, 15, 48 og 90

Skildring av arealendringa:	
<p>Gjeldande arealbruk: Spreidde bustader (LNF) LNF</p> <p>Planlagt arealbruk/tal einingar: 19.3899_3 (1): Bustader 19.3899_4 (2): Bustader 19.3899_5 (3): Bustader</p>	<p>Arealendring</p> 
Arealstorleik planlagt arealbruk	<p>19.3899_3 (1): 3,3 daa 19.3899_4 (2): 0,9 daa 19.3899_5 (3): 2,1 daa</p>
Skildring av området	<p>Innspelsområde 1 og 2 ligg ved Haugatjørna, på kvar si side av fv. 4980. Begge områda er ubygde, og kuperte med lett vegetasjon. Areala består av innmarksbeite, utmark, kratt og fjellknausar. Innspelsområde 3 ligg lenger sør, på vestre Vikse, og er bygd med ein einbustad. Innspelsområda ligg i eit område som ber preg av spreidd busetnad og landbruksdrift.</p>
Aktuelle problemstillingar	<p>Overordna vurdering av behov for bustader i kommunen og i delområdet Terreng/landskap</p>

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens
Naturmangfald	<p>Markslag: Noko fulldyrka og overflatedyrka jord, storparten innmarksbeite. Naturtypar: Ingen registreringar. Haugtjørna, som grensar til innspel 2 og ligg like ved innspel 1 er ein naturtype vurdert som lokal viktig (Evjer, bukter og viker). Mange truga fugleartar er registrert tilknytt vatnet. Naturvern: Ingen registreringar. Vilt/funksjonsområde: Ingen reg.</p>	<p>Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Det er registreringar av mange truga fugleartar tilknytt eit aktivt landbrukslandskap, som vil bli påverka negativt ved ei meir konsentrert bustadbygging.</p> <p style="text-align: right;">-2</p>

	Artar: Vipe (kritisk truga),samt mange fugleartar vurderte som sårbare er registrert i området.		
Friluftsliv	Statleg sikra friluftområde: Ingen Kartlagde friluftsområde: Ingen	Ingen kjende konsekvensar for friluftsliv.	0
Landskap	Innspela er ein del av Beskyttet indre småkupert kystslette (NiN). Innspelet ligg innanfor landskaps-type Kystheiene, og har landskaps-verdi 2 – vanlig førekomande i lokal samanheng. Innspela ligg tilknytt eksisterande spreidd busetnad og infrastruktur. Innspelet 1 og 2 ligg på meir kupert terreng, noko meir eksponert enn innspel 3. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	1 og 3: Landskapet i området er kupert og innspela vil medføre noko terrenginngrep. Innspela ligg tilknytt eksisterande busetnad og infrastruktur, så ei vidare utbygging i området vil såleis ikkje medføre vesentlege endringar i landskapsuttrykk, men omfanget av nye inngrep vil utgjere negative verknader i landskapet som inneheld spreidd busetnad. 2: Landskapet i området er kupert og innspelet vil medføre noko terrenginngrep. Innspelet ligg ikkje tilknytt eksisterande busetnad og infrastruktur, og vil vera eksponert i landskapet ved vatnet.	1: -1 2: -2 3: -1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne, kulturmiljø eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor eller i nærleiken av innspelet.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Naturressursar	Markslag: 1: 2,5 daa innmarksbeite og 0,6 daa fulldyrka jord 2: 0,5 daa overflatedyrka jord 3: 1,1 daa overflatedyrka jord og 0,8 daa innmarksbeite	1: Ei utbygging medføre tap av innmarksbeite og eit lite areal fulldyrka jord. 2 og 3: Ei utbygging medføre tap av eit avgrensa areal overflatedyrka jord og innmarksbeite.	1: -2 2: -1 3: -1
Teknisk infrastruktur	Innspela har ikkje etablert vegtilkomst og annan infrastruktur, men ligg i tilknytning til eksisterande bygde område, og kan såleis truleg kopla seg på infrastruktur i desse områda relativt enkelt. Det er kollektivtilbod langs fv. 4980, men ikkje fortau eller gatelys.		-1
Nærmiljø og stadutvikling	Det er bustader i nærleiken, og innspela ligg under 1 km frå sentrum av Ekrene/Rophus, med skule og nærmiljøanlegg. Innspelet opnar såleis for ei vidareutvikling av Ekrene/Rophus.		+1
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal innanfor innspela (ca. 5,5 daa).		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		X
Strandsone	Ikkje relevant.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet ligg i eit område med etablert infrastruktur, tett på andre spreidde bustader og ligg relativt nære grendasenteret Rophus/Vikse. Området er såleis relativt godt plassert med omsyn til lokalisering av nye bustader. Areala er i dag dels urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv.		

ROS-analyse			
Naturfare			
	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
Skred	Innspela ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn


	1 og 2: Innspela ligg ikkje under marin grense. Registrert lausmasstype er bart fjell og Morenemateriale, usammenhengende eller tynt dekke over berggrunnen.		
	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	3: Innspelet ligg ikkje under marin grense.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela ikkje ligg til sjø og vert såleis ikkje råka av stormflo/havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegframføring til- og langs områda, men utan fortau. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	1 og 2: Det er gul støyzone langs fv. 4980. Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspela, og innspela vil ikkje medføre støy i seg sjølv..		
	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	3: Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspela, og innspela vil ikkje medføre støy i seg sjølv.		
Stråling frå høgspenst	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det går ingen høgspenstlinje i innspelsområda		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 6,5 km frå innspelsområdet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	0	1: -1 2: -2 3: -1	0	1: -2 2: -1 3: -1	-1	+1	-1	X
<p>Innspela ligg i eit relativt urørt område, tilgrensande spreidde bustader. Det er etablert infrastruktur og området ligg relativt nære sentrum av Rophus/Ekrene. Innspela ligg i eit LNF-spreidd-område, og dette føremålet bør vidareførast i området. Ein bør vurdere avgrensing og å auke kvota tillatne bustader innanfor SB44 ettersom det ikkje er ledige reservar her.</p> <p>ROS-analyse: Kvikkleire og støy (1 og 2), trafikktryggleik</p>								
<p>Fagleg tilråding innspel 1 (19.3899_3), 2 (19.3899_4) og 3 (19.3899_5): Negativ tilråding</p>								

3. FRITIDSBUSETNAD/SPREIDD FRITIDSBUSETNAD (LNF)

16.11053_2 og 3 Fritidsbusetnad, gbnr. 56/17

<p>Gjeldande arealbruk: Bustad (KPA) 16.11053_3 (1): Friluftsområde (Reg. plan Øvre Sletto (2009) og Reg. plan Hyttefelt Slåtto) 16.11053_2 (2): Friluftsområde (Reg. plan Hyttefelt Sletto vest, reg. endring)</p>	<p>Arealendring</p> 
<p>Planlagt arealbruk/tal einingar: Fritidsbustad</p>	
<p>Arealstorleik planlagt arealbruk</p>	<p>16.11053_3 (1): 0,7 daa 16.11053_2 (2): 1,8 daa</p>
<p>Skildring av området</p>	<p>Begge innspela ligg i område vist som bustad i gjeldande kommuneplan, men begge areala er regulert frå før. I reguleringsplanane er områda regulert til friluftsområde. Området er bygd ut i tråd med reguleringsplanane.</p>
<p>Aktuelle problemstillingar</p>	<p>Strandsone Terreng/landskap Overordna vurdering av behov for fritidsbustader i kommunen</p>

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
<p>Naturmangfald</p>	<p>Markslog: Impediment Naturtypar: Innpelsområde 2: Registrert utvald naturtype Kystlynghei med stor KU-verdi. Samstundes er den registrert med låg kvalitet og dårleg tilstand. Naturvern: Ingen registreringar. Vilt/funksjonsområde: Ingen reg. Arter: Ingen registreringar.</p>	<p>1 og 2: Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.</p>	<p>1: -1 2: -2</p>


		2: Tiltaket vil òg medføre nedbygging av utvald naturtype av stor verdi.	
Friluftsliv	Statleg sikra friluftsområde: Ikkje registrert Registrerte friluftslivområde: Ikkje registrert Innspele ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet til sjø). Det er ikkje registrert funksjonell strandsone ettersom området er regulert i frå før. Areal er ikkje registrert som potensielt tilgjengeleg strandsone grunna etablerte tiltak.	Etablering av fleire fritidsbustader i området vil medføre auka privatisering av strandsona, som dels er tilgjengeleg for friluftsliv i dag. Området mot sjø er allereie bygd ut med fleire einingar, og konsekvensen vil såleis vera avgrensa.	-1
Landskap	Innspele del av Moderat bølgeeksponert småkupert kystslette (NiN). Innspele ligg innanfor landskapstype Brede fjordløp og opne fjordmunninger Vågsvatn, med landskapsverdi 2 – vanlig førekomande i lokal samanheng. Landskapet i området er ope og kupert, og skrår bratt ned mot sjø. Det er etablert fritidsbustader, samt molo og småbåthamn i området rundt. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Landskapet er sterkt modifisert som følgje av etablering av fritidsbustadane. Det er få, men viktige, grønne landskapslommer i området. Ei vidare nedbygging av desse vil ha negative landskapsverknader, då desse er godt synlege i frå sjø.	-2
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor innspela.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Naturressursar	Ingen registreringar.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Teknisk infrastruktur	Området rundt er bygd med fritidsbustader, inkludert infrastruktur, og nye einingar vil såleis enkelt kunne kople seg relativt enkelt til denne.		0
Nærmiljø og stadutvikling	Området rundt er bygd med fritidsbustader, og ei foretting vil vera ei vidareutvikling av området. På den andre sida vil nedbygging av dei få attverande grønne lungene vera negativt for nærmiljø og dei naturkvalitetane ein gjerne søker i fritidsbustadområde.		0
Karbonrike areal	Ingen kjende konsekvensar.		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		X
Strandsone	Innspele ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø. Ønska arealbruk er fritidsbustad. Strandsonerettleiaren for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggast i strandsona. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokalisert til annan busetnad. Innspelet er såleis dels i tråd med strandsonerettleiaren/SPR.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspele ligg i eit område med etablert infrastruktur i nærområdet. Det er snakk om to mindre areal innanfor eit utbygd område, og konsekvensane er såleis avgrensa både når det gjeld samfunnsnytte og miljømessig berekraft. Det er likevel snakk om urørte areal, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv.		
ROS-analyse			
Naturfare			

Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela ligg under marin grense. Registrert lausmasstype er bart fjell.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela vil ikkje vera utsett for risiko knytt til stormflo og havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegtilkomst til innspelet. Men ikkje veglys eller fortau. Trafikktryggleik må vera tema for ei ev. reguleringsendring.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv.		
Stråling frå høgspent	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert høgspentleidningar innanfor innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 4 km frå innspelsområdet i luftlinje.		


Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
1: -1	-1	-2	0	0	0	0	0	X
2: -2								
<p>Innspelsområda er i dag urørte og kuperte, som ligg eksponert til innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø. Det er etablert fritidsbustader og infrastruktur i området. Det er i utgangspunktet uheldig å etablere fritidsbustadområde i strandsona, både med omsyn til friluftsliv og tilgjenge, men òg av landskapsmessige omsyn. Reguleringsplanane viser dei aktuelle områda som friluftsområde, og ei fortetting med fleire fritidsbustader vil byggja ned dei attverande grønne lungene, og kan såleis vera negativt for nærmiljø og dei naturkvalitetane ein gjerne søkjer i fritidsbustadområde. Innspela vert på bakgrunn av dette negativt tilrådd.</p> <p>ROS-analyse: Trafikktryggleik</p>								
<p>Fagleg tilråding innspel 1 (16.11053_3) og 2 (16.11053_2): Negativ tilråding</p>								

16.11669 Fritidsbustad, gbnr. 64/1

Gjeldande arealbruk: LNF	Arealendring
Planlagt arealbruk/tal einingar: Fritidsbustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	56,5 daa
Skildring av området	Området ligg på sørsida av Mølstrevågen, og er i stor grad bart fjell og kupert. Det er ingen tiltak utanom veg innanfor innspelsområdet, det er derimot nokre fritidsbustadar som grensar til i aust og sør for innspelet. Innspelet ligg dels innanfor funksjonell strandsone både mot nord og mot sør (sjå kart under «strandsone» lenger nede.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Naturmangfald Terreng/landskap Overordna vurdering av behov for fritidsbustader i kommunen

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald	Markslag: skog av middels bonitet, innmarksbeite Naturtypar: Størstedelen av innspelet er dekkja av den utvalde naturtypen Kystlynghei av svært stor verdi Naturvern: ingen registreringar Vilt/funksjonsområde: ingen reg. Arter: ingen registreringar	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av utvald naturtype av svært stor verdi, samt eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-3
Friluftsliv	Statleg sikra friluftsområde: Ikkje registrert Registrerte friluftslivområde: Ikkje registrert Delar av innspelet er innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet til sjø) og funksjonell strandsone som er registrert som potensielt tilgjengeleg strandsone.	Etablering av fleire fritidsbustader i området vil medføre auka privatisering av strandsona, som dels er tilgjengeleg for friluftsliv i dag.	-2
Landskap	Innspelet ligg innanfor landskapsområda Mølstrevåg og Nordresund, som er registrert med verdi 2 (Mølstrevåg - vanlig førekomande i	Det er ingen andre tiltak enn veg innanfor innspelet, då andre fritidsbustadar er utanfor innspelsområdet og i lågare terreng nede ved sjø. Terrenget er kupert, og eta-	-2

	<p>lokal samanheng) og 3 (Nordresund – middels verdi).</p> <p>Det er etablert fritidsbusetnad i strandsona inne i vika ved Nordresund, samt på neset i Håskjersundet. Terrenget i innspelsområdet er relativt kupert, særleg nærast sjø. Det høgste punktet ligg 38 m.o.h., og det er bratt ned til sjø. Innspel 1 er dels utbygd med hytter. Hyttene er i hovudsak lagt i strandsona nede ved sjøen.</p> <p>Sjå 3D-kart her: Kommunekart 3D</p>	<p>blering av fritidsbustadar i området vil medføre vesentlege terrenginngrep i strandsona.</p> <p>Utbygging med fritidsbustader i del som er utanfor funksjonell strandsona, vil vise godt igjen i landskapet, då eksisterande bygg i området i hovudsak er plassert i lågareliggande deler av terrenget.</p>	
Kulturminne og kulturmiljø	<p>Det er registrert kulturmiljø beskrive som sjøbruksmiljø/gardsmiljø i austleg del av innspelet. Det er ikkje registrert SEFRAK-registrerte bygg eller automatisk freda kulturminne innanfor innspelet.</p>	<p>Kulturmiljøet treng ikkje bli råka av innspelet så lenge det blir teke omsyn ved ev. regulering av området.</p>	0
Naturressursar	<p>3 daa skog av middels bonitet, 3,5 daa innmarksbeite.</p>	<p>Utbygging av området vil medføre tap av lauvskog av middels bonitet og innmarksbeite.</p>	-1
Teknisk infrastruktur	<p>Det er vegframføring gjennom innspelsområdet. Ev. fritidsbustadar i området kan truleg kopa seg til eksisterande infrastruktur. Det er ikkje etablert veglys, fortau eller nærleik til kollektivtrafikk.</p>		0
Nærmiljø og stadutvikling	<p>Nærområdet til innspelet er dels utbygd med fritidsbustader og naust. Innspelet ligg om lag 3,5 km frå sentrum av Rophus/Ekrene.</p>		0
Karbonrike areal	<p>3 daa skog av middels bonitet og 3,5 daa innmarksbeite, som er rekna som karbonrike areal</p>		-1
Næringsliv og sysselsetting	<p>Ikkje relevant.</p>		X
Strandsona	<p>Delar av innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og dels innanfor funksjonell strandsona. Ønska arealbruk er fritidsbustadar. Strandsonerettleiaren for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokalisert til annan busetnad. Innspelet er såleis ikkje i tråd med strandsonerettleiaren/SPR.</p>		
Samfunnsnytte og berekraft	<p>Innspelet grensar til område med etablert infrastruktur, og ligg relativt tett på sentrum i Rophus/Ekrene. Innspelet ligg i eit område som er dels bygd ut med bustader og fritidsbustader, men det er ingen tiltak innanfor innspelet. Tiltrettelegging for fritidsbustader er positivt for attraktiviteten til kommunen, og</p>		


	fritidsbustader kan styrkje grunnlaget for lokalt handels-, service- og kulturtilbod, som kjem fastbuande til gode. Fritidsbustader har elles avgrensa samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einkilde brukaren av områda. Areala er i dag urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering
--	--

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Delar av innspelet ligg under marin grense. Registrerte lausmassar er Bart fjell.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet vil ikkje vera utsett for risiko knytt til stormflo og havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegtilkomst til innspelet. Men ikkje veglys eller fortau. Trafikktryggleik må vera tema for ein ev. reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv.		
Stråling frå høgspenning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er registrert høgspenningleidningar innanfor delar av innspelet i aust.		
Innsatstid brann	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 6,4 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-3	-2	-2	0	-1	0	0	-1	x
<p>Det er vegtilkomst til området, og i nærområdet er det fleire fritidsbustader til sjø. Delar av området er innanfor strandsona, og strandsonerettleiaren sitt utgangspunkt er at område for bustad og fritid som hovudregel ikkje skal leggjast i strandsona. Tiltaket vil også ha konsekvensar for nær- og fjernverknadane i landskapet, i eit elles i stor grad urørt område. Innspelet ligg innanfor kystlynghei av svært stor verdi, som er ein utvald naturtype etter naturmangfaldlova. Innspelet blir på bakgrunn av dette ikkje tilrådd.</p> <p>ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik, stråling frå høgspenning</p> <p>Fagleg tilråding innspel: Negativ tilråding</p>								

19.5690_1 og _2 Fritidsbusetnad, gbnr. 70/84 m. fl. og 20.4070 Fritidsbusetnad, gbnr. 70/26

<p>Gjeldande arealbruk: 19.5690_1 (1): Naust og LNF 19.5690_2 (2): LNF 20.4070 (3): LNF</p>	<p>Arealendring</p> 
<p>Planlagt arealbruk: 19.5690_1 (1): Fritidsbustad 19.5690_2 (2): Fritidsbustad 20.4070 (3): Fritidsbustad</p>	
<p>Arealstorleik planlagt arealbruk</p>	<p>19.5690_1 (1): Om lag 8,7 daa 19.5690_2 (2): Om lag 4,6 daa 20.4070 (3): Om lag 3 daa</p>
<p>Skildring av området</p>	<p>Innspele ligg langt inne i Skålaskogvågen. Innspel 1 er vist som naust i gjeldande kommuneplan. Området er dels bygd ut, med to fritidsbustader og eitt naust. Innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona i strandsona, og i hovudsak innanfor funksjonell strandsona. Innspel 2 ligg dels innanfor 100-metersbeltet, men ligg utanfor funksjonell strandsona. Det går to tilkomstveggar gjennom innspelet, men det er ikkje etablert bygg innanfor innspelet. Innspel 3 ligg innanfor byggjeforbodssona, og innanfor funksjonell strandsona. Det er ein fritidsbustad og eitt naust innanfor innspelet.</p>
<p>Aktuelle problemstillingar</p>	<p>Strandsona Overordna behovsvurdering for fritidsbustader i delområdet og i kommunen.</p>

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
<p>Naturmangfald</p>	<p>Markslog: Lauvskog av middels bonitet, blandingskog av høg bonitet, og eit mindre område registrert som innmarksbeite. Naturtypar: Innspel 1 og 2 overlappar med naturtypen kystlynghei, registrert med svært lav kvalitet, svært redusert tilstand og middels verdi. Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje reg. Artar: Det er registrert sitkagran (framand art) innanfor innspel 1.</p>	<p>Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Vidare utbygging innanfor innspel 1 og 2 vil medføre negative konsekvensar for registrert kystlynghei, men denne har svært låg kvalitet og svært redusert tilstand.</p>	<p>1: -2 2: -2 3: -1</p>
<p>Friluftsliv</p>	<p>Statleg sikra friluftsområde: Ikkje registrert</p>	<p>Etablering av fleire fritidsbustader i området vil medføre auka privatisering av strand-</p>	<p>1: -1 2: -1 3: -1</p>

	<p>Registrerte friluftslivområde: Ikkje registrert</p> <p>Innspel 1 ligg i all hovudsak innanfor funksjonell strandsone, mens heile innspel 3 ligg innanfor funksjonell strandsone. Innspel 2 ligg i hovudsak innanfor byggjeforbodssona i 100-metersbeltet, men utanfor funksjonell strandsone.</p> <p>Strandsone innanfor innspela er i all hovudsak registrert som ikkje potensielt tilgjengeleg, grunna nærliggande fritidsbustader.</p>	<p>sona, som dels er tilgjengeleg for friluftsliv i dag.</p> <p>Innspel 1 og 3, som ligg innanfor funksjonell strandsone er allereie bygd ut med fleire einingar, og konsekvensen for friluftsliv vil såleis vera avgrensa.</p>	
Landskap	<p>Innspel 1, 2 og deler av innspel 3 ligg innanfor landskapsområdet Mølstrevågen. Dette er ein del av landskapstypen våg- og smalsundlandskap. Deler av innspel 3 ligg innanfor landskapsområdet Rongvasshaugane, som er ein del av landskapstypen Kystheiene. Begge områda er registrert med verdi 2.</p> <p>Innspela er i hovudsak skogkledde i dei områda som ikkje er bebygd. Terrenget er relativt bratt ned mot sjøen innanfor innspel 1, mens det er slakkare innanfor innspel 3. Både nærverknad og fjernverknad vil vera avgrensa for alle innspela.</p> <p>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/</p>	<p>Det er fleire tiltak innanfor innspel 1 og 3. Terrenget er relativt kupert innanfor innspel 1, og etablering av fleire einingar i området vil medføre vesentlege terrenginngrep i strandsone. Ei utbygging utanfor funksjonell strandsone vil medføre mindre vesentlege konsekvensar for landskap.</p>	<p>1: -2 2: -1 3: -1</p>
Kulturminne og kulturmiljø	<p>Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor innspela.</p>	<p>Ingen kjende konsekvensar.</p>	<p>0</p>
Naturressursar	<p>Lauvskog av middels bonitet innanfor innspel 1 og 2, blandingsskog av høg bonitet innanfor innspel 3. Eit mindre areal med innmarksbeite (128 m²) innanfor innspel 1.</p>	<p>Utbygging i området vil medføre tap av skog av middels og høg bonitet, samt eit mindre areal med innmarksbeite.</p>	<p>1: -2 2: -1 3: -1</p>
Teknisk infrastruktur	<p>Det er etablert vegtilkomst til innspela. Det er etablerte bygg i området, og det er såleis truleg mogleg å kople ev. nye tiltak til eksisterande infrastruktur.</p>		<p>0</p>
Nærmiljø og stadutvikling	<p>Området er allereie dels utbygd med fritidsbustader og naust. Det er om lag 3 km til sentrum av Rophus/Ekrene.</p>		<p>0</p>
Karbonrike areal	<p>Det er registrert karbonrike areal i form av skog av middels og høg bonitet, samt noko innmarksbeite innanfor innspela</p>		<p>-1</p>
Næringsliv og sysselsetting	<p>Ikkje relevant.</p>		<p>x</p>
Strandsone	<p>Innspel 1 og 3 ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og dels innanfor funksjonell strandsone. Ønska arealbruk er fritidsbustad.</p>		


	<p>Strandsonerettleiaren for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona.</p>	
<p>Samfunnsnytte og berekraft</p>	<p>Områda er dels utbygd, og det er vegtilkomst til området. Innspela ligg relativt tett på sentrum i Rophus/Ekrene. Tilrettelegging for fritidsbustader vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen, og fritidsbustader kan styrkje grunnlaget for lokalt handels-, service- og kulturtilbod, som kjem fastbuande til gode. Fritidsbustader har elles avgrensa samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einkilde brukaren av områda. Områda er dels ubygde areal i dag, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering.</p>	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspela.			
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
Innspela ligg under marin grense.			
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspela.			
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
Innspelet 1 og 3 vil vera utsett for risiko knytt til stormflo/havnivåstigning.			
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
Det er vegtilkomst fram til områda. Trafikktryggleik må avklarast i ein eventuell reguleringsplan for områda.			
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet.			
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv.			
Stråling frå høgspant	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
Det er ikkje registrert høgspantleidningar innanfor innspela.			
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 6 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
1: -2	1: -1	1: -2	0	1: -2	0	0	-1	x
2: -2	2: -1	2: -1		2: -1				
3: -1	3: -1	3: -1		3: -1				
<p>Innspel 1 og 3 ligg i strandsona, og innanfor funksjonell strandsona.. Strandsoneretteleiaren for Vestland og SPR peikar på at fritidsbustader ikkje skal lokaliserast i strandsona. Det er i utgangspunktet ueheldig å etablere fritidsbustadområde i strandsona, både med omsyn til friluftsliv og tilgjenge, men òg av landskapsmessige omsyn. Naturtypen kystlynghei med middels verdi er registrert innanfor innspel 1 og 2, og ei utbygging i området vil medføre negative konsekvensar for naturmangfald. Kystlyngheia som er registrert i området har svært lav kvalitet og svært redusert tilstand, og området er skogkledd i dag. På bakgrunn av dette kan innspel 2 tilrådest etter ei heilskapleg vurdering av behov for og lokalisering av fritidsbustader i kommunen.</p> <p>ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik</p>								
<p>Fagleg tilråding innspel 1 (19.5690_1) og 3 (20.4070): Negativ tilråding</p>								
<p>Fagleg tilråding innspel 2 (19.5690_2): Området kan tilrådest positivt etter ei heilskapleg vurdering av behov for og lokalisering av fritidsbustader i kommunen</p>								

23.3942 Fritidsbustad, gbnr. 64/19

Gjeldande arealbruk: LNF	Arealendring 
Planlagt arealbruk/tal einingar: Fritidsbustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	3,2 daa
Skildring av området	Innspelet ligg på vestsida av Skålaskogvågen. Innspelet grensar til område som er bygd ut med fritidsbustader og naust i nord, men det er ingen tiltak innanfor innspelet. Innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona i 100-metersbeltet, og innanfor funksjonell strandsone.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald	<p>Markslag: Skog av middels bonitet</p> <p>Naturtypar: Naturtypen kystlynghei er registrert i området. Naturtypen er registrert med svært låg kvalitet og svært redusert tilstand, men med middels verdi. Den nordvestlege delen av innspelet overlappar med kystlynghei med høg kvalitet, moderat tilstand og svært stor verdi.</p> <p>Naturvern: ikkje registrert</p> <p>Vilt/funksjonsområde: ikkje registrert</p> <p>Artar: Ikkje registrert</p>	<p>Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.</p> <p>Strandsone er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsone er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.</p> <p>Utbygging innanfor innspelet vil medføre negative konsekvensar for registrert kystlynghei.</p>	-2
Friluftsliv	<p>Statleg sikra friluftsområde: Ingen</p> <p>Registrerte friluftslivområde: Ingen</p> <p>Innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona i 100-metersbeltet, og innanfor funksjonell strandsone. Strandsone i området er dels registrert som potensielt tilgjengeleg, og dels som ikkje potensielt tilgjengeleg, grunna fritidsbustad som ligg i tilgrensande område i nord.</p>	<p>Etablering av fritidsbustader i området vil medføre auka privatisering av strandsone, som er tilgjengeleg for friluftsliv i dag.</p>	-2

Landskap	Innspelet ligg innanfor landskapsområdet Mølstrevågen. Dette er ein del av landskapstypen våg- og smalsundlandskap. Innspelet ligg i strandsona, og er utan tiltak i dag. Terrenget i området er relativt bratt, det høgste punktet innanfor innspelet er om lag 25 m.o.h. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Utbygging i området vil medføre vesentlege terrengingrep i strandsona, og negative konsekvensar for landskap.	-2
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø innanfor innspelet.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Naturressursar	Innspelet består av blandingsskog av middels bonitet.	Utbygging i området vil medføre tap av blandingsskog av middels bonitet.	-1
Teknisk infrastruktur	Det er ikkje etablert vegtilkomst til området. Det er truleg mogleg å kopla seg til infrastruktur i nærliggande område, der det er bygd ut med fritidsbustader.		0
Nærmiljø og stadutvikling	Det ligg fritidsbustader på tilgrensande areal i nord. Det er om lag 3,5 km frå innspelet til sentrum av Rophus/Ekrene.		0
Karbonrike areal	Utbygging i området vil medføre tap av karbonrike areal i form av blandingskog av middels bonitet.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		X
Strandsone	Innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og innanfor funksjonell strandsona. Ønska arealbruk er fritidsbustad. Strandsonerettleiaren for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokalisert til annan busetnad. Innspela er såleis ikkje i tråd med strandsonerettleiaren/SPR.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet ligg i strandsona, og er utan tiltak i dag. Innspela ligg relativt tett på sentrum i Rophus/Ekrene. Tilrettelegging for fritidsbustader vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen, og fritidsbustader kan styrkje grunnlaget for lokalt handels-, service- og kulturtilbod, som kjem fastbuande til gode. Fritidsbustader har elles avgrensa samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda. Innspelet er ubyggt i dag, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering.		

ROS-analyse			
Naturfare			
	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
Skred	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspelet		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg under marin grense.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspelet		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet vil vera utsett for risiko knytt til stormflo og havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
Trafikktryggleik	Ei utbygging med ein eller to fritidsbustader vil truleg ikkje medføre konsekvensar for trafikktryggleik.		


Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv.		
Stråling frå høgspant	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert høgspenteleidningar innanfor innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 6 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	-2	-2	0	-1	0	0	-1	x
<p>Innspelet ligg i strandsona, og innanfor funksjonell strandsona. Strandsoneretteleiaren for Vestland og SPR peikar på at fritidsbustader ikkje skal lokaliserast i strandsona. Det er dessutan ein betydeleg fritidsbustadreserve i kommunen. Naturtypen kystlynghei med middels verdi er registrert innanfor innspelet, og ei utbygging i området vil i tillegg medføre vesentlege negative konsekvensar for friluftsliv og landskap. På bakgrunn av dette vert innspelet ikkje tilrådd.</p> <p>ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning</p>								
Fagleg tilråding innspel: Negativ tilråding								

4. FRITIDS- OG TURISTFØREMÅL

21.10986_1 og 2 Fritids- og turistføremål, gbnr. 60/2, inkl. tilkomstveg

Gjeldande arealbruk: LNF Naust	Arealendring 
Planlagt arealbruk/tal einingar: Fritids- og turismeformål – utleiehytter og bubilcamp.	
Arealstorleik planlagt arealbruk	20,15 daa
Skildring av området	Området er kupert skogsareal som grensar til naustområde i Mølstrevåg. Sjøarealet i sør er sperra av for sjøtrafikk med bru og demning. Vest for området er det ei omsynssone for kulturmiljø (H570_76B) for sjøbruksmiljøet som ligg der. Heile innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet. Funksjonell strandsone er ikkje kartlagd i akkurat dette området.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald	Markslag: innmarksbeite og barskog av høg bonitet Naturtypar: Kystlynghei, med svært låg kvalitet og svært redusert tilstand, men med middels verdi. Naturvern: ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: ikkje reg. Artar: sitkagran (framand art)	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsone er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsone er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Utbygging vil medføre negative konsekvensar for registrert kystlynghei.	-2
Friluftsliv	Statleg sikra friluftsområde: Ingen Registrerte friluftslivområde: Ingen Innspelet ligg innanfor byggjeforbodssone i 100-metersbeltet. Funksjonell strandsone er ikkje kartlagt i akkurat dette området, men området ligg truleg innanfor denne sone. Strandsone i området er registrert som potensielt tilgjengeleg.	Ei utbygging vil medføre privatisering av strandsone i området, som er tilgjengeleg i eit friluftslivperspektiv i dag. Sjølv om bubilcamp vil vera noko mindre privatiserande enn private fritidsbustader vil området framleis framstå som lite tilgjengeleg for ålmenta. Innspelet vil såleis ha negativ verknad for friluftsliv.	-1
Landskap	Innspelet ligg innanfor landskapsområdet Mølstrevågen, landskapsverdi 2 – vanleg førekomande i lokal samanheng	Utbygging i området vil medføre terrenginngrep i strandsone, og negative konsekvensar for landskap.	-2

	Innspelet ligg i strandsona, og er utan tiltak i dag. Terrenget i området er relativt flatt i høgda, men bratt ned mot sjø, det høgste punktet innanfor innspelet er om lag 30 m.o.h. Sjå 3D-kart her: Kommunekart 3D		
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert SEFRAK-bygningar eller automatisk freda kulturminne innanfor innspelet. Vest for området er det ei omsynsone for kulturmiljø (H570_76B) for sjøbruksmiljøet som ligg der.	Utanfor innspelet, men må tas omsyn til ved tiltak i området.	0
Naturressursar	15,6 daa skog av høg bonitet.	Utbygging i området vil medføre tap av barskog av høg bonitet.	-1
Teknisk infrastruktur	Det er etablert vegtilkomst som kan nyttast til området, men vegen er smal og manglar fortau. Det er truleg mogleg å kopla seg til infrastruktur i naboområdet nord for innspelet.		0
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg om lag 5,5 km frå sentrum av Ekrene/Rophus.		0
Karbonrike areal	15,6 daa skog av høg bonitet, som er definert som karbonrike areal.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Turisme i form av campingplass og enkle utleige fritidsbustadar kan vera svært positivt for reiselivsbransjen i Sveio kommune, og kan i dette området bli knytt til friluftslivet og kulturtilboda på Ryvarden fyr.		+1
Strandsone	Innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø. Funksjonell strandsona er ikkje kartlagd i akkurat dette området. Ønska arealbruk er fritidsbustad til utleige og campingplass (turisme). Strandsonerettleiaren for Vestland presiserer at det ved lokalisering av næringsområde bør vektleggjast om næringer og næringsverksemd som bidreg til auka lokal verdiskaping treng tilgjenge til sjø, og strandsonerettleiaren presiserer at reiselivsanlegg bør lokaliserast til område som er lite konfliktfylte i høve til strandsonerettiane. Bubilcamp og utleigehytter er ikkje tiltak som treng liggja heilt i strandsona, og fritid- og turismeføremålet medfører vesentleg meir privatisering av strandsona enn dagens situasjon. Dette innspelet om fritid- og turismeføremål er såleis vurdert til å ikkje vera i tråd med strandsonerettleiaren/SPR.		
Samfunnsnytte og berekraft	Når det gjeld fritid- og turismeføremålet kan dette vere positivt for næringsliv og sysselsetting, og på denne måten verke samfunnsnyttig, men samstundes vil det i dette tilfellet også medverke til privatisering av ei urørt strandsona som i dag er tilgjengeleg for ålmenta. Innspelet er utan tiltak i dag. Det vil altså medføre nedbygging av urørt natur, noko som er negativt når det gjeld miljømessig berekraft.		

ROS-analyse			
Naturfare			
	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
Skred	Det er ikkje registrert fare-/aktsemdområde for skred innanfor innspelet		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn


	Innspelet ligg under marin grense.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert fare-/aktsemdområde for flaum innanfor innspelet		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg dels til sjø, og vil kunne vera utsett for risiko knytt til stormflo og havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Auka aktivitet i området, samt meir større bilar (bubil, campingvogn) kan medføra konsekvensar for trafikktryggleiken. Trafikktryggleik må vera tema i ein eventuell reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv.		
Stråling frå høgspant	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert høgspenteleidningar innanfor innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 6 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	-1	-2	0	-1	0	0	-1	+1
<p>Innspelet ligg i strandsona og er utan tiltak i dag. Naturtypen kystlynghei med middels verdi er registrert innanfor innspelet, og ei utbygging i området vil i tillegg medføre negative konsekvensar for landskap. Terrenget er bratt ned mot sjøområdet. Innspelet vil også medføre negative konsekvensar for friluftsliv, då tiltaket vil medføre privatisering av strandsona som er tilgjengeleg i dag.</p> <p>Strandsoneretteleiaren for Vestland og SPR peikar på at reiselivsanlegg bør lokaliserast til område som er lite konfliktfyllt i høve til strandsoneverdiane. Innspelet er ikkje vurdert til å vera i tråd med strandsoneretteleiaren/SPR.</p> <p>ROS-analyse: Kvikkleire, Stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik.</p>								
Fagleg tilråding innspel: Negativ tilråding								

5. NÆRINGSBYGNINGAR

16.11672_2 Næringsbygningar, gbnr. 60/1, 9 m.fl.

Gjeldande arealbruk: LNF (KPA) Omsynssone friluftsliv (KPA) LNF (Reg.plan for Mølstrevåg)	Arealendring 
Planlagt arealbruk/tal einingar: Næring	
Arealstorleik planlagt arealbruk	68,7 daa
Skildring av området	Innspelet er i hovudsak utan tiltak i dag. Innspelet ligg på nordsida av industriområdet til Ølen betong i Mølstrevåg. Det er bratt terreng, og avsett til LNF både i reguleringsplan og gjeldande KPA. Området er også omfatta av omsynssone for friluftsliv, i tilknytning til friluftinteressene på Ryvarden kulturfyr. Ein mindre del av innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Naturmangfald Friluftsliv

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald	Markslag: Lauvskog av høg bonitet Naturtypar: kystlynghei, der særleg del av innspelet er registrert med stor verdi. Den nordvestlege delen overlappar med kystlynghei med svært stor verdi. Naturvern: ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: viltområde i nordleg del (pot. hekkeplass for Hubro m.v., men området har ikkje fått prioritet i viltrapporten) Artar: Ikkje registrert	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsone er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsone er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Utbygging innanfor innspelet vil medføre negative konsekvensar for registrert kystlynghei og vilt.	-3
Friluftsliv	Statleg sikra friluftsområde: Ingen Registrerte friluftslivområde: i nordre del ligg kartlagt friluftslivsområde Ryvardmarka, som har verdi svært viktig friluftsområde. Det er beskive som tursti mellom	Etablering av næringsbygg/aktivitet i området vil medføre nedbygging av svært viktig friluftslivsområde. Meir næringsaktivitet vil i liten grad auka privatisering av strand-	-3

	Ryvarden og Lyngholm, gjennom naturområde med kystlynghei, sesong heile året. Sørvestleg del av innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona i 100-metersbeltet, og innanfor funksjonell strandsone. Strandsone i området er dels registrert som potensielt tilgjengeleg, men med Ølen betong sin aktivitet området er ikkje strandsone eigentleg tilgjengeleg.	sona, som ikkje er særleg tilgjengeleg for friluftslivet i dag.	
Landskap	Innspelet ligg innanfor landskapsområdet Mølstrevågen. Dette er ein del av landskapstypen våg- og smalsundlandskap. Innspelet ligg i strandsone, som er etablert med tiltak i dag. Terrenget i området er kupert, det høgste punktet er om lag 25 m.o.h. Sjå 3D-kart her: Kommunekart 3D	Utbygging i området vil medføre vesentlege terrengingrep i strandsone, og negative konsekvensar for landskap.	-2
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø innanfor innspelet, men aust for innspelet er det ein lokalitet for heller som er automatisk freda arkeologisk minne.	Ingen kjende konsekvensar. Før ev. tiltak gjennomførast må det sikrast at nærliggjande kulturminne blir teke omsyn til.	0
Naturressursar	Innspelet består av 10,8 daa lauvskog av høg bonitet	Utbygging i området vil medføre tap av skog av høg bonitet samt kystlynghei av stor og svært stor verdi.	-2
Teknisk infrastruktur	Det er etablert vegtilkomst til området. Innspelet er utviding av eksisterande næringsområde, det er difor mogleg å koplare seg til infrastruktur i nærliggjande område, der det er bygd ut med Ølen betong sitt industriområde.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet er ei utviding av eksisterande næringsområde. Utvikling av Ølen betong inn i området til Ryvardsmarka vil ha negative konsekvensar for stadutviklinga til Ryvarden, samt for nærliggjande bustadar.		-1
Karbonrike areal	Utbygging i området vil medføre tap av karbonrike areal i form av 10,8 daa skog av høg bonitet, som er rekna som karbonrike areal.		-2
Næringsliv og sysselsetting	Innspelet er ei utviding av næringsarealet til Ølen betong. Utviding i umiddelbar tilknytning til eksisterande næringsområde er positivt for næringslivet, då det vil auka næringsaktiviteten, noko som igjen kan auka behov for sysselsetting i bedrifta.		+2
Strandsone	Ein mindre del av innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø. Det er ikkje kartlagd funksjonell strandsone i området. Ønska arealbruk er næring. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Næringsområde til sjø skal prioriterast for sjøretta næring. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokalisert til annan busetnad. Innspelet er såleis i tråd med SPR.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet ligg nord for eksisterande næringsaktivitet for Ølen betong, og vil vera ei utviding av aktiviteten der. Det er positivt at auka næringsaktivitet skjer der det allereie er etablert næring, i staden for å opna opp for nye, urørte område. Innspelet er likevel eit større, urørt naturområde, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Det er uheldig at innspelsområdet kjem inn i omsynssona for friluftslivsinteressene tilknytt Ryvardsmarka og turtilboda der.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert fare-/aktsemdområde for skred innanfor innspelet		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg under marin grense.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er registrert fare-/aktsemdområde for flaum innanfor innspelet		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet vil ikkje vera utsett for risiko knytt til stormflo og havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Ei utviding av næringsverksemd og behov for store maskiner/køretøy i nærleik av turområde kan auka risikoen i stor grad for trafikktryggleiken. Det er difor eit krav at trafikktryggleik må sikrast i reguleringsplan.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv.		
Stråling frå høgspenst	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er registrert høgspenstleidingar som går gjennom innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 5,5 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-3	-3	-2	0	-2	+1	-1	-2	+2

Innspelet er ei utviding av næringsområdet til Ølen betong, og vil vera positivt for næringsutviklinga i området då det vil gje Ølen betong meir mogleik og plass til å utvikla bedrifta i kommunen. Det er positivt at næringsområde blir plassert i eit allereie etablert næringsområde, heller enn å opna opp nye urørte område. Innspelet er likevel eit større, urørt naturområde, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv.

Stor del av innspelet i nord er innanfor omsynssoona for friluftslivinteressene til Ryvardsmarka, som er kartlagt friluftsområde med svært stor verdi, det er uheldig for friluftslivinteressene i området å etablere næringsaktivitet innanfor denne omsynssoona. Naturtypen kystlynghei med stor og svært stor verdi er registrert innanfor innspelet, og ei utbygging i området vil i tillegg medføre vesentlege negative konsekvensar for vilt, friluftsliv og landskap.


Området kring Ølen betong er eit område med ulike interesser, knytt til næringsverksemda og friluftslivinteressar kring Ryvarden, og med registrert naturtypar med stor og svært stor verdi i området. Samstundes er parkerings- og trafikksituasjonen krevjande. Området er regulert i planen Del av Mølstrevåg - gnr. 61 frå 1986. Heile dette området bør handsamast i ein områdeplan, for å søka å finna gode løysingar der næringsverksemda får høve til utvikling, samstundes som friluftslivinteressene og nærliggande bustader vert tekne i vare.

Dette gjeld for innspela 16.11672_4, 23.7327_1, 23.3663_1 og 23.3663_2 i tillegg til dette innspelet.

ROS-analyse: Kvikkleire, flaum, trafikktryggleik, stråling frå høgspenst.

Fagleg tilråding innspel: Innspelet må sjåast i samanheng med andre innspel i same område.

Adm. 1 Næringsbygningar, gbnr. 72/1-3, m.fl.

Gjeldande arealbruk: LNF (KPA) Omsynssone friluftsliv (KPA)	Arealendring 
Planlagt arealbruk/tal einingar: Næring	
Arealstorleik planlagt arealbruk	205,9 daa
Skildring av området	Innspelet ligg på autsida av Ekrene næringspark, og er tenkt som utviding av dette næringsområdet. Området består i hovudsak av open fastmark, med noko barskog. Det er relativt bratt og kupert terreng, og avsett til LNF i gjeldande KPA. Området er også omfatta av omsynssone for friluftsliv.
Aktuelle problemstillingar	Naturmangfald Friluftsliv Landskap

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald	Markslag: Open fastmark, barskog av varierende bonitet Naturtypar: ikkje registrert. Området er ikkje kartlagt for naturtypar etter NiN- metode. I rapporten Kartlegging av kystlynghei i Hordaland frå 2012 er området vist som open lynghei Naturvern: ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: ikkje registrert Artar: Ikkje registrert	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Det er truleg kystlynghei i området, og utbygging vil vera negativt for denne naturtypen. Området er stort, og utbygging vil medføre vesentlege negative konsekvensar for naturmangfald.	-2
Friluftsliv	Statleg sikra friluftsområde: Ingen Registrerte friluftslivområde: austleg del av innspelsområdet kjem innanfor kartlagt friluftsområde H530_15. Dette friluftsområdet er skildra som eit viktig område, av typen jordbrukslandskap.	Etablering av næringsbygg/aktivitet i området vil medføre negative konsekvensar for friluftsliv.	-1
Landskap	Innspelet ligg innanfor landskapsområdet Rongvasshaugane. Dette	Utbygging i området vil medføre vesentlege terrengingrep i urørt	-2

	er ein del av landskapstypen kystheiene. Terrenget i området er kupert, det høgste punktet er om lag 105 m.o.h. Sjå 3D-kart her: Kommunekart 3D	natur, og negative konsekvensar for landskap.	
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø innanfor innspelet, men sør for innspelet er det registrert ein omsynssone for eit vegfar H570_149B.	Ingen kjende konsekvensar. Før ev. tiltak gjennomførast må det sikrast at nærliggjande kulturminne blir teke omsyn til.	0
Naturressursar	Innspelet består av noko barskog av høg bonitet, samt offentleg uttaksregister er registrert innanfor ein mindre del vest i innspelsområdet.	Utbygging i området vil medføre tap av skog av høg bonitet.	-1
Teknisk infrastruktur	Det er etablert vegtilkomst til området. Innspelet er utviding av eksisterande næringsområde, det er difor mogleg å kopla seg til infrastruktur i nærliggjande område, der det er bygd ut på Ekrene næringspark.		0
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet er ei utviding av eksisterande næringsområde. Utvikling av Ekrene næringspark kan medføre auka tilbod av tenester for området. Innspelet ligg om lag 2,5 km frå sentrum av Ekrene/Rophus.		0
Karbonrike areal	Utbygging i området vil medføre tap av karbonrike areal i form av skog av høg bonitet, som er rekna som karbonrike areal.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Innspelet er ei utviding av næringsarealet Ekrene Næringspark. Utviding i umiddelbar tilknytning til eksisterande næringsområde er positivt for næringslivet, då det vil auka næringsaktiviteten, noko som igjen kan auka behov for sysselsetting.		+2
Strandsone	Ikkje relevant		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet ligg aust for eksisterande næringspark på Ekrene, og vil vera ei utviding av aktiviteten der. Det er positivt at auka næringsaktivitet skjer i tilknytning av allereie etablert næringsområde. Det er derimot ikkje heldig at innspelsområdet kjem inn i omsynssona for friluftslivsinteresser, samt at arealet er kupert og urørt landskap.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er registrert fare-/aktsemdområde for skred innanfor innspelet		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje under marin grense.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er registrert fare-/aktsemdområde for flaum innanfor innspelet		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet vil ikkje vera utsett for risiko knytt til stormflo og havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Ei utviding av næringsverksemd og behov for store maskiner/køpretøy i nærleik av friluftsområde kan auka risikoen i stor grad for trafikktryggleiken.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, men innspelet vil kunne medføre auka støy i seg sjølv.		

Stråling frå høgspent	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert høgspenteleidningar som går gjennom innspelsområdet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 6 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	-1	-2	0	-1	0	0	-1	+2

Innspelet er ei utviding av næringsområdet Ekrene næringspark, og vil vera positivt for næringsutviklinga i området då det vil kunna gje moglegheiter for utviding for eksisterande næringar, samt rom for ny næringsutvikling i Sveio kommune. Det er positivt at næringsområde blir plassert i umiddelbar nærleik av eit allereie etablert næringsområde. Ein liten del av innspelet i aust er innanfor omsynssone for friluftslivinteresser, det er uheldig for friluftslivinteressene i området å etablere næringsaktivitet innanfor denne omsynssona. Innspelsområdet bør difor eventuelt leggest utanfor omsynssona. Området er stort og urørt, etablering av næring vil difor medføre vesentlege terrenginngrep, større landskapsendringar, og vil vera negativt for naturmangfald, då det truleg er kystlynghei i området.

Dersom området skal tilrådest positivt må det vera for bruk til arealkrevjande næring, ikkje arbeidsplassintensive næringar.

ROS-analyse: Skred, flaum, trafikktryggleik, støy.

Fagleg tilråding innspel: Positiv tilråding ved behov for næringsområde

6. ANDRE TYPAR BYGNINGAR OG ANLEGG

19.3899_6 Andre typer bygningar og anlegg, gbnr. 69/4

Gjeldande arealbruk: LNF-spreidd bustad Friluftsområde	Arealendring 
Planlagt arealbruk/tal einingar: Naust Småbåtanlegg	
Arealstorleik planlagt arealbruk	63 m ²
Skildring av området	Innspelet ligg i Viksevika, i Viksefjorden, i ei relativt grunn strand inst i vika. Det er ingen tiltak innanfor innspelet i dag, og det meste av arealet ligg i sjø. Det ligg naust med småbåtanlegg på begge sider av innspelet. Det er elles spreidd busetnad i området kring innspelet, med einebustader og fritidsbygg.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald	Markslag: Open fastmark, sjø Naturtypar: Ingen registreringar Naturvern: Ingen registreringar Vilt/funksjonsområde: Ingen reg. Artar: Ingen registreringar	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsone er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsone er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-1
Friluftsliv	Statleg sikra friluftsområde: Ingen Registrerte friluftslivområde Ingen Innspelet ligg i strandsone, og det meste av innspelet er definert som potensielt tilgjengeleg strandsone med låg hellingsgrad.	Bygging av naust i området vil medføre arealbeslag og dels auka privatisering av strandsone, i ei vik som i dag er utan tiltak, og som kan nyttast til rekreasjon.	-2
Landskap	Innspelet ligg innanfor landskapsområdet Nordresund, som er ein del av landskapstypen Smale sund og våger. Området er registrert med middels verdi. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Det ligg naust med brygger på begge sidene av vika i dag, men det er ingen naust inne i sjølve vika, der det er ei relativt langgrunn strand. Utbygging med naust med tilhøyrande småbåtanlegg midt i denne vika vil medføre negative landskapsverknader i strandsone i området, og vil	-2


		redusere verdien til vika/stranda betydeleg.	
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne, kulturmiljø eller SEFRAK-registrerte bygg i nærleiken av innspelet.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Naturressursar	Ingen registreringar på land eller i sjø.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Teknisk infrastruktur	Det er ikkje vegframføring til området i dag. Det ligg naust i nærleiken av innspelet, som ein truleg kan kopla seg til med omsyn til infrastruktur.		0
Nærmiljø og stadutvikling	Ikkje relevant		X
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert karbonrike areal innanfor innspelet.		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		X
Strandsone	Innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø. Strandsone-rettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Innspelet ligg midt i vika, og det er ikkje tiltak i tilgrensande område. Innspelet er såleis ikkje i tråd med strandsone-rettleiaren.		
Samfunnsnytte og berekraft	Høve til private naust og småbåtanlegg vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen. Slike føremål har elles lite samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda. Når det gjeld berekraft er det uheldig å ta i bruk urørte område i strandsona til utbyggingsføremål.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg under marin grense		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet vil vera utsett for risiko knytt til stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet vil gi opning for eitt nytt naust. Dette vil truleg ikkje medføre endringar for trafikktryggleik i området.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv.		
Stråling frå høgspenning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert høgspenningleidningar innanfor innspelet		
Innsatstid brann	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 7 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	-2	-2	0	0	0	X	0	x
<p>Innspelet ligg i ei vik som i dag er utan tiltak. Denne vika har kvalitetar knytt til rekreasjon/friluftsliv, landskap og naturmangfald, og har såleis relativt store strandsoneverdiar slik situasjonen er i dag. Strandsonerettleiaren for Vestland seier at det er grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokalisert i tilknytning til annan busetnad. Eit naust i dette området vil liggja for seg sjølv midt i vika, sjølv om det er etablerte naust på begge sider. Innspelet er såleis ikkje heilt i tråd med strandsonerettleiaren, og innspelet vert ikkje tilrådd.</p> <p>ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning</p> <p>Fagleg tilråding innspel: Negativ tilråding</p>								

23.3665_2 Andre typar bygningar og anlegg, gbnr. 60/89

<p>Gjeldande arealbruk: LNF- spreidd bustad Bustad Friluftsområde i sjø Småbåthamn</p>	<p>Arealendring</p> 
<p>Planlagt arealbruk/tal einingar: Småbåtanlegg og naust (eksisterande)</p>	
<p>Arealstorleik planlagt arealbruk</p>	<p>0,8 daa</p>
<p>Skildring av området</p>	<p>Området ligg inst i Brattestø. Det er etablert naust og bryggeanlegg langs søraust sida av vika, med ei steinbru som koplær sør og nord saman. Det er to naust innanfor innspelsområdet, og det er ønska å kunne leggje til rette for ei brygge/mindre kaianlegg for fritidsbåtar langs sjøgrensa til eigedomen 60/89. Det er eit smalt sund, og det er båtar festa på motsett side av sundet. Det er også svært bratt langs landområdet i nord der bryggeanlegget er tenkt. Det kjem også innanfor planområdet til RP 1986002.</p>
<p>Aktuelle problemstillingar</p>	<p>Landskap Bratt terreng Smalt sund</p>

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
<p>Naturmangfald</p>	<p>Markslog: skog av høg bonitet, sjø Naturtypar: Ingen registreringar Naturvern: Ingen registreringar Vilt/funksjonsområde: Ingen reg. Arter: Ingen registreringar</p>	<p>Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.</p> <p>Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.</p>	<p>-1</p>
<p>Friluftsliv</p>	<p>Statleg sikra friluftsområde: Ingen Registrerte friluftslivområde Ingen Innspelet ligg i strandsona, og det meste av innspelet er definert som potensielt tilgjengeleg strandsona med varierende hellingsgrad (høg vest for vegen og låg i området med nausta).</p>	<p>Å leggje til rette for småbåtanlegg i området vil medføre arealbeslag i sjø i ei smal vik, noko som vil gjere ferdsel meir utfordrande grunna lite plass då vika kan nyttast til rekreasjon og friluftsliv i sjø.</p>	<p>-1</p>
<p>Landskap</p>	<p>Innspelet ligg innanfor landskapsområdet Mølstrevåg, som er ein del av landskapstypen Smale sund</p>	<p>Det ligg naust med brygger på sør sida av vika i dag, og det er to naust inne i sjølve vika, der det er</p>	<p>-1</p>

	og våger. Området er registrert med landskapsverdi 2 - vanlig førekomande i lokal samanheng. Sjå 3D-kart her: Kommunekart 3D	relativt smalt. Utbygging med tilhøyrande småbåtanlegg i denne vika vil medføre negative landskapsverknader i strandsona i området, og vil redusere verdien til vika/stranda.	
Kulturminne og kulturmiljø	Det er registrerte kulturmiljø innanfor innspelet (H570_47A), eit SEFRAK-registrert naust er registrert innanfor innspelet.	Dersom kulturminna blir teke omsyn til vil ikkje arealendringa nødvendigvis ha negative konsekvensar for kulturmiljøet i området.	0
Naturressursar	Det er registrert 0,5 daa skog av høg bonitet i området med eksisterande naust på land, ingen kjende registreringar i sjø.	Innspelet er ikkje å setje opp nytt naust, men leggje til rette for å ha ein fast plass for båt. Innspelet vil difor ikkje ha konsekvensar for naturressursane.	0
Teknisk infrastruktur	Det er ein grusveg ned til området, samt ei steinbru over til naustområdet på austre side. Det er ikkje etablert fortau eller veglys ned til naustet. Det er elles ikkje anna teknisk infrastruktur i innspeletområdet.		0
Nærmiljø og stadutvikling	Ikkje relevant		X
Karbonrike areal	Det er registrert 0,5 daa skog av høg bonitet i området med eksisterande naust.		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		X
Strandsone	Innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokalisert til tilknytning til annan busetnad. Innspelet ligg midt i vika, og det er tiltak i tilgrensande område. Innspelet er såleis del i tråd med strandsonerettleiaren.		
Samfunnsnytte og berekraft	Området har allereie etablerte naust, der eit er SEFRAK-registrert og bør haldast ved like. Innspelet ber ikkje om å setje opp fleire naust, men om å sikre plass til å feste båt i sjøområdet. Etersom vika er smal er det difor mest aktuelt å vurdere dette ut frå ei enkel brygge som kan leggjast ut frå veggen/naustet i vika.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg under marin grense.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet vil vera utsett for risiko knytt til stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet vil gi opning for eitt nytt bryggeanlegg. Dette vil truleg ikkje medføre endringar for trafikktryggleik i området.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv.		
Stråling frå høgspent	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn

	Det er ikkje registrert høgspenteleidningar innanfor innspelet
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 5 km frå innspelsområdet i luftlinje.

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	-1	-1	0	0	0	X	0	X

Innspelet ligg i ei vik der det allereie er etablert tiltak til sjø. Denne vika har kvalitetar knytt til rekreasjon/friluftsliv og landskap, og har såleis relativt store strandsoneverdiar. Det er bratt terreng langs sjøen, noko som gjer området der lite tilgjengeleg slik situasjonen er i dag. Strandsonerettleiaren for Vestland seier at det er grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokalisert i tilknytning til annan busetnad. Eit småbåtanlegg tilknytt eksisterande to naust i området vil vera å samlokalisera tiltaket til området. I tillegg er det etablerte naust på motsett side av innspelsområdet med tilhøyrande brygge. Ettersom vika er såpass smal så er det ikkje gunstig å etablere småbåtanlegg i form av kai som krev terrenginngrep. Enkel flytebrygge med tilkomst frå vegområdet/naustet kan vera mogeleg, og er det som blir teke som utgangspunkt i denne vurderinga. Innspelet er såleis dels i tråd med strandsonerettleiaren, og innspelet vert difor tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning

Fagleg tilråding innspel: Positiv tilråding

17.11323_1 og 2 Andre typar bygningar og anlegg, gbnr. 56/98, 56/1

<p>Gjeldande arealbruk: 1: LNF-spreidd bustad 2: Friluftsområde i sjø</p>	<p>Arealendring</p> 
<p>Planlagt arealbruk/tal einingar: 17.11323_1 (1): Naust 17.11323_2 (2): Småbåtanlegg</p>	
<p>Arealstorleik planlagt arealbruk</p>	<p>17.11323_1 (1): 2 daa 17.11323_2 (2): 0,8 daa</p>
<p>Skildring av området</p>	<p>Innspelet ligg i inst i Eltravågen, som ei forlenging av eksisterande område for naust og småbåthamn. Det ligg eit par brygger i området i dag, men det er ingen bygg innanfor innspelet. Heile området inst i Eltravågen er vist som naust med tilhøyrande småbåtanlegg, men i følgje innspelet er det svært grunt inst i vika, og vanskeleg å etablere bryggjer her. Tilgrensande område i nord er vist som LNF spreidd bustadføremål. I dette området er det etablert fleire naust, fritidsbygg og einebustader i strandsona.</p>
<p>Aktuelle problemstillingar</p>	<p>Strandsone</p>

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
<p>Naturmangfald</p>	<p>Markslag: Lauvskog av høg bonitet, sjø Naturtypar: Ingen registreringar Naturvern: Ingen registreringar Vilt/funksjonsområde: Ingen reg. Arter: Ingen registreringar</p>	<p>Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsone er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.</p>	<p>-1</p>
<p>Friluftsliv</p>	<p>Statleg sikra friluftsområde: Ingen Registrerte friluftslivområde Ingen Innspelet ligg i strandsona, og arealet er definert som potensielt tilgjengeleg strandsona, men med relativt høg hellingsgrad.</p>	<p>Bygging av naust i området vil medføre arealbeslag og dels auka privatisering av strandsona, i eit område som kan nyttast til rekreasjon i dag, sjølv om det er bratt terreng i området. Innspelet ligg i eitt avgrensa område på austsida av vågen som er definert som potensielt tilgjengeleg. Lenger</p>	<p>-2</p>

		ute i vågen ligg det einebustader i sjøkanten, som privatiserer dette området.	
Landskap	<p>Innspelet er ein del av landskapsområdet Bømlafjorden, som er ein del av landskapstypen Brede fjordløp og opne fjordmunninger. Området har middels verdi.</p> <p>Innspelet ligg i eit etablert naustområde, og det ligg naust både lenger inne i vika, som er vist som naust i gjeldande kommuneplan, og lenger ute i vika, der det er LNF-spreidd bustad. Terrenget er bratt i området.</p> <p>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/</p>	Utbygging med naust og tilhøyrande småbåtanlegg i dette området vil medføre negative landskapsverknader i strandsona i området, då det er relativt bratt terreng innanfor innspelet. Innspelet ligg i eit etablert naustområde, og ei vidare utbygging med naust er såleis ei naturleg utvikling av området.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Innspelet er omfatta av omsynsone kulturmiljø (bygdemiljø/sjøbruksmiljø) i kulturminneplanen. Det er ikkje registrert kulturminne eller sefrak-registrerte bygg innanfor innspelet.	Ei vidare utbygging i med naust i området vil truleg ikkje medføre vesentlege endringar med omsyn til kulturmiljøet som er registrert i området, då dette er knytt til sjøbruksmiljø.	-1
Naturressursar	Landområda er registrert som lauvskog av høg bonitet. Heile Eltravågen er registrert som låssettingsplass. Denne er skildra som lite brukt.	Utbygging i området vil medføre tap av noko lauvskog av høg bonitet. Sjøområda er ein del av låssettingsplassen Eltravågen. Denne er stor i utstrekning, og er skildra som lite brukt. Innspelet vil såleis truleg ikkje ha store negative verknader for bruken av låssettingsplassen.	-1
Teknisk infrastruktur	Det går ein veg i bakkant av innspelet, men det er bratt i området, og det kan vera utfordrande å få til ein god tilkomstveg. Det ligg naust i nærleiken av innspelet, som ein truleg kan kopla seg til med omsyn til infrastruktur.		0
Nærmiljø og stadutvikling	Ikkje relevant		X
Karbonrike areal	Innspelet består av karbonrike areal i form av lauvskog av høg bonitet.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		x
Strandsoner	Innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokalisert i tilknytning til annan busetnad. Innspelet er såleis dels i tråd med strandsonerettleiaren.		
Samfunnsnytte og berekraft	Høve til private naust og småbåtanlegg vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen. Slike føremål har elles lite samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda. Når det gjeld berekraft er det uheldig å ta i bruk urørte område i strandsona til utbyggingsføremål.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspelet.		

Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg under marin grense.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspelet, men det går ein liten bekk i den nordlege delen av innspelet.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet vil vera utsett for risiko knytt til stormflo/havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje tilkomstveg til området i dag. Innspelet vil gi opning for nokre få nye naust. Dette vil truleg ikkje medføre endringar for trafikktryggleik i området.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg dels i gul støysone frå Gullvegen. Det skal ikkje oppførast bygg for varig opphald innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspent	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert høgspentlinjer gjennom innspelet.		
Innsatstid brann	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 4 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	-2	-1	-1	-1	0	X	-1	X

Innspelet er ei utviding av eksisterande naustområde, som ligg inst i Eltravågen. I følgje innspelet er det grunt i vågen, og vanskeleg å finna eigna område for bryggjer/flytebryggjer lenger inne i vågen. Det er ingen bygg innanfor innspelet, og det er heller ikkje etablert mange bygg innanfor tilgrensande eksisterande naustføremål. Innspelet er dels i tråd med strandsoneretleiar for Vestland.

Innspelet er definert som potensielt tilgjengeleg strandsone, då det ikkje ligg privatiserande bygg tett på. Både sør og nord for innspelet er det tettare bygd i strandsona med både naust, fritidsbygg og einebustader. På bakgrunn av dette vert innspelet 1 (naust) ikkje tilrådd, då det bør vera opning for allmenn ferdsel ned til sjøen i dette området. Innspelet 2 (småbåtanlegg) kan tilråddast, då dette er mindre privatiserande, og det er allereie etablert kai og båtfeste i området.


ROS-analyse: Kvikkleire, flaum, stormflo/havnivåstigning

Fagleg tilråding, innspelet 1 (naust): Negativ tilråding

Fagleg tilråding, innspelet 2 (småbåtanlegg): Positiv tilråding

7. KOMBINERT BYGGJE- OG ANLEGGFORMÅL

20.7958 Kombinert formål, gbnr. 72/4 m.fl.

Gjeldande arealbruk: Bustader og omsynssone for Reguleringsplan 2004006 (KPA) Naust (Reg.plan)	Arealendring 
Planlagt arealbruk/tal einingar: Kombinert føremål for naust, fritidsbustad og bustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	1,4 daa
Skildring av området	Innspelet ligg i inst i Øyr, som eksisterande område for naust og småbåthamn. Området er allereie bygt ut, med naustrekkjer og tilhøyrande småbåtanlegg. Innspelet går ut på å endre arealføremål frå naust til kombinert føremål for naust, fritidsbustad og bustad.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald	Markslag: bygd areal Naturtypar: Ingen registreringar Naturvern: Ingen registreringar Vilt/funksjonsområde: Ingen reg. Artar: Ingen registreringar	Tiltaket handlar om bruksendring av eksisterande bygg og vil med det ikkje medføra ny arealbeslag eller nedbygging av viktig naturmangfald.	0
Friluftsliv	Det er ingen registreringar av friluftsområde innanfor eller tett på innspelet. Innspelet ligg i strandsona, og arealet er definert som potensielt tilgjengeleg strandsona, men med tett bygd naustrekkje i front mot sjø.	Arealføremålsendring frå naust til kombinert føremål i området vil medføre auka privatisering av strandsona. Innspelet ligg i eitt avgrensa område nord på Rophus som er definert som potensielt tilgjengeleg. Naustføremålet som er der i dag dels privatiserer dette området allereie.	-2
Landskap	Innspelet er ein del av landskapsområdet Nordresund, som er ein del av landskapstypen Våg- og smalsundlandskap. Området har landskapsverdi 3 - middels verdi. Innspelet ligg i eit etablert naustområde, som er vist som naust i gjeldande reguleringsplan for området. Sjå 3D-kart her:	Arealføremålsendringa vil i liten grad påverke landskapsverdiene ettersom det allereie er bygd, og ikkje skal opne opp for meir bygging i området. Det er andre krav for bygg som blir definert som fritidsbustad og bustad enn for naust, noko som kan medføra endringar i fasade og utforming av bygga. Dette kan ha ein konsekvens for fjernverknad.	-1

	Kommunekart 3D		
Kulturminne og kulturmiljø	Det er registrert ein sikringszone for automatisk freda kulturminne sør for innspelet, vest i Sjoarvegsvingen. Det er ikkje registrert SEFRAK-registrerte bygg i nærleiken av innspelet.	Ei arealføremålsendring frå naust til kombinert føremål i området vil truleg ikkje medføre vesentlege endringar med omsyn til kulturmiljøet som er registrert i området.	0
Naturressursar	Ingen registreringar på land eller i sjø.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Teknisk infrastruktur	Det er lagt til rette med teknisk infrastruktur til innspelet. Då det er andre krav for fritidsbustad og bustad enn for naust, så er det mogleg det er behov for meir teknisk infrastruktur enn det er i dag. Det er ikkje fortau eller veglys ned til innspelsområdet.		-1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg i eit område med eksisterande naust. Føremålsendringa vil endre bruken av området Innspelet ligg i overkant av 4 km frå sentrum av Rophus/Ekrene, der mellom anna skulen ligg. Dette kan innebera behov for skuleskyss.		0
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert karbonrike areal innanfor innspelet.		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		x
Strandsone	Innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø. Funksjonell strandsone er ikkje kartlagd i dette området. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokalisert i tilknytning til annan busetnad. Det er spelt inn å endre bruken frå naustføremål til kombinert føremål for naust, fritidsbustad og bustad. Strandsonerettleiaren for Vestland seier at fritidsbustader som hovudregel ikkje skal lokalisert i strandsona. Innspelet er såleis ikkje i tråd med strandsonerettleiaren.		
Samfunnsnytte og berekraft	Området er i dag sett av til naust, og er bygd ut med naust. Endring til kombinert føremål naust/fritidsbustad/bustad vil medføre privatisering av strandsona, som i dag er meir tilgjengeleg, noko som vil vera uheldig i eit samfunnsnytteperspektiv. Når det gjeld miljømessig berekraft er området allereie utbygd, og ei endring i føremål vil ha mindre verknader.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert fare-/aktsemdområde for skred innanfor innspelet.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg over marin grense.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert fare-/aktsemdområde for flaum innanfor innspelet.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	I nord ligg innspelet til sjø og vert såleis råka av stormflo/havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er tilkomstveg til området i dag. Innspelet vil medføre ei bruksendring av området. Dette vil truleg medføre endringar for trafikktryggleik i området då det også vil vera meir nytta heile året.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg dels i gul støyzone frå Gullvegen. Det skal ikkje oppførast bygg for varig opphald innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspant	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn

	Det er ikkje registrert høgspentlinjer gjennom innspelet.
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 7 km frå innspelet i luftlinje.

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
0	-2	-1	0	0	-1	0	0	X


Innspelet er ei arealføremålsendring frå naustføremål i reguleringsplan (omsynssone 910 i KPA) til kombinert føremål i KPA med krav om endring i reguleringsplan. Infrastruktur, vegsamband etc. er i stor grad allereie etablert, men med andre krav til teknisk infrastruktur for fritidsbustad og bustad kan det verta behov for meir tilpassa bruken. Det er i utgangspunktet uheldig å etablere område for bustader- og fritidsbustader i strandsona, både med omsyn til friluftsliv og tilgjenge, men òg av landskapsmessige omsyn. Fritidsbustad i strandsona medfører vesentleg meir privatisering enn naust, og innspelet er ikkje i tråd med strandsonerettleiaren for Vestland/SPR. På bakgrunn av dette vert innspelet ikkje tilrådd.

ROS-analyse: Stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik

Fagleg tilråding innspel: Negativ tilråding

8. GRØNSTRUKTUR

18.15193 Naturområde, gbnr. 56/9, 38 m.fl.

Skildring av arealendringa:	
<p>Gjeldande arealbruk: Land: Spreidde bustader (LNF), LNF, naust Sjø/vatn: Friluftsområde, småbåthamn</p> <p>Planlagt arealbruk/tal einingar: Naturområde</p>	<p>Arealendring</p> 
Arealstorleik planlagt arealbruk	18,2 daa
Skildring av området	Innspeletområdet omfattar Storavatnet som ligg sør for Eltravåg, samt elva ned mot sjø, og eit lite stykke ut i sjø. Innspeletområdet omfattar òg eit tjern på nordsida av fv. 4980. Fylkesvegen går tvers gjennom området. Innspeletområdet er elles ubyggd, der området rundt består av spreidd utbygging og naust ved sjø.
Aktuelle problemstillingar	Registrerte naturverdiar Strandsone langs sjø og vassdrag

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens
Naturmangfald	Markslag: sjø/vatn med tilhøyrande strandsone/bredde. Naturtypar: Tjernet nord for fv. er registrert som Strandeng og strandsump (lokalt viktig ettersom det berre er registrert vanlege artar). Tjernet har kontakt med sjø gjennom tidevasskanalen som er omfa-	Arealføremålsendringa vil betre ta i vare og sikre naturmangfaldsverdiar langs vassdraget. +2

	<p>tta av innspelet. Tjernet er vurdert som noko KU-verdi.</p> <p>Naturvern: Ingen registreringar.</p> <p>Vilt/funksjonsområde: Midtre del er omfatta av eit viktig viltområde, beskrive som; <i>21. Tjørn sør for Eltravåg: Lokaliteten ligg like nord for Storavatnet i Eltravåg, og er omgitt av lauvskog og beitemark. Hekkeområde for brunnakke, stokk-and og truleg krikkan. Rasteområde for andefugl. Tjørnet blir ofte seint islagt og er ofte rasteplass for songsvane vinterstid. Sannsynleg hekkeområde for m.a. sivsongar, ettersom det er takrøyr i tjørnet.</i></p> <p>Arter: Same areal er registrert som funksjonsområde for ande- og spurvefuglar. Tilknytt Storavatnet er det registrert sandsvale, hønsehauk, fiskemåke, grønnefink (alle VU), taksvale og stær (begge NT). Tilknytt tjernet nord for fv. er det registrert vassmynte (NT).</p>		
Friluftsliv	<p>Statleg sikra friluftområde: Ingen</p> <p>Kartlagde friluftsområde: Ingen</p> <p>Nordleg del av innspelet ligg i strandsona og innanfor funksjonell strandsona. Strandsonaarealet er ikkje definert som potensielt tilgjengeleg strandsona grunna etablerte tiltak.</p>	Arealføremsendinga vil betreta i vare og sikre friluftsverdiar langs vassdraget.	+2
Landskap	<p>Innspelet er ein del av Moderat bølgeeksponert småkupert kystslette (NiN). I nord ligg innspelet innanfor landskapstype Brede fjordløp og åpne fjordmunningsar, og i sør innanfor Kystheiene, der begge har landskapsverdi 2 – vanlig førekomande i lokal samanheng.</p> <p>Innspela ligg tilknytt eit vassdrag med fleire tjern/vatn, med utløp til sjø. Området rundt er kupert, med spreidd busetnad og infrastruktur.</p> <p>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/</p>	Arealføremsendinga vil sikre landskapet langs sjø og vassdrag.	+2
Kulturminne og kulturmiljø	<p>Det er ingen registrerte kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor eller i nærleiken av innspelet. I nord er det registrert eit Bygdemiljø/sjøbruksmiljø (H570_66B) med naust og kombinerte sjøhus/bustad.</p>	Arealføremsendinga vil sikre det registrerte kulturmiljøet.	+2

Naturressursar	I sjø er det registrert ein låssettingsplass (lite brukt).	Arealføremålsendringa vil sikre den registrerte låssettingsplassen.	+1
Teknisk infrastruktur	Ikkje relevant.		X
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet vil sikre det ubygde strandsonearealet i området.		+2
Karbonrike areal	Ikkje relevant.		X
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		X
Strandsone	Innspelet inneber ei endring til naturområde, som vil sikre at dette strandsonearealet forblir ubyggt, i tråd med overordna regelverk og retningslinjer.		
Samfunnsnytte og berekraft	Arealføremålsendringa vil vera berekraftig ettersom ein sikrar eit verdifullt område i frå nedbygging.		


ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg under marin grense. Registrert lausmassestype er marin strandavsetning, som indikerer reell fare for kvikkleire i området.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg innanfor aktsemdsområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	I nord ligg innspelet til sjø og vert såleis råka av stormflo/havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Ikkje relevant.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er gul og raud støysone langs fv. 4980. Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv.		
Stråling frå høgspenst	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det går ingen høgspenstlinje i innspelsområdet.		
Innsatstid brann	Ikkje relevant.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Fritidsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
+2	+2	+2	+2	+1	X	+2	X	X
Innspelet inneber ei endring til naturområde, som vil sikre at dette natur- og strandsonearealet forblir ubyggt, i tråd med overordna regelverk og retningslinjer.								
ROS-analyse: Kvikkleire, flaum, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik, støy								
Fagleg tilråding innspel: Positiv tilråding								

9. LNF-AREAL

21.9007 LNF, gbnr. 62/11

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk: Naust og LNF	Arealendring 
Planlagt arealbruk/tal einingar: LNF	
Arealstorleik planlagt arealbruk	0,2 daa
Skildring av området	Innspelsområdet ligg i Pøylo og ligg tilknytt eksisterande naust. Grunneigarane ønskjer arealet retta i KPA i tråd med vedtak gjort om etablering av naust på eigedomen. Vilkår for etablering av naustet var at den delen av eigedomen som inngår i NA_34 etter gjennomføring av dispensasjon ikkje kan bebyggast iht. kommuneplanen sitt føremål.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone langs sjø og vassdrag

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald	Marslag: Skog med høg bonitet. Naturtypar: Ingen registreringar. Naturvern: Ingen registreringar. Vilt/funksjonsområde: Ingen reg. Arter: Ingen registreringar.	Arealføremålsendringa vil betre ta i vare og sikre naturmangfaldverdiar langs strandsona.	+2
Friluftsliv	Statleg sikra friluftområde: Ingen Kartlagde friluftsområde: Ingen Innspelet ligg i strandsona og innanfor funksjonell strandsona. Strandsonearealet er ikkje definert som potensielt tilgjengeleg strandsona grunna etablerte tiltak.	Arealføremålsendringa vil ta i vare og sikre friluftslivsverdiar langs strandsona.	+2

Landskap	Innspelet er ein del av Beskyttet indre småkupert kystslette (NiN). Innspelet ligg innanfor landskaps-type Våg- og smalsundlandskap, og har landskapsverdi 2 – vanlig førekomande i lokal samanheng. Landskapet i området skrår bratt ned i mot sjø, og består av skog og strand. Området rundt er spreidd utbygd. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Arealføreårsendinga vil sikre landskapet langs strandsona.	+2
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne, kulturmiljø eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor eller i nærleiken av innspelet.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Naturressursar	Det er registrert 0,1 daa skog med høg bonitet på arealet.	Arealføreårsendinga vil sikre eit særst avgrensa areal skog med høg bonitet.	0
Teknisk infrastruktur	Ikkje relevant.		X
Nærmiljø og stadutvikling	Ikkje relevant		X
Karbonrike areal	Det er registrert 0,1 daa skog med høg bonitet på arealet, som er definert som karbonrike areal.		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		X
Strandsone	Innspelet inneber ei endring til LNF, som vil sikre at dette strandsonearealet forblir ubyggt, i tråd med overordna regelverk og retningslinjer.		
Samfunnsnytte og berekraft	Arealføreårsendinga vil vera berekraftig ettersom ein sikrar eit verdifullt område i frå nedbygging.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg under marin grense. Det utgjer ingen risiko så lenge endringa er til LNF-føremål.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg til sjø og vert såleis råka av stormflo/havnivåstigning. Det utgjer ingen risiko så lenge endringa er til LNF-føremål.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Ikkje relevant.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv.		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det går ingen høgspennlinje i innspelet.		

Innsatstid brann	Ikkje relevant.
------------------	-----------------

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
+2	+2	+2	0	0	X	X	0	X


Innspelet inneber ei endring til LNF, som vil sikre at dette strandsonearealet forblir ubyggd, i tråd med overordna regelverk og retningslinjer. Ein bør rette arealstatus i det aktuelle naustområdet i tråd med dagens situasjon.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik

Fagleg tilråding innspel: Positiv tilråding

10. FRILUFTSOMRÅDE I SJØ

19.5420 Friluftsområde i sjø, gbnr. 66/12

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk: LNF	Arealendring 
Planlagt arealbruk/tal einingar: Friluftsområde i sjø	
Arealstorleik planlagt arealbruk	0,1 daa
Skildring av området	Innspelet ligg på nordsida av Viksestraumen. Sørsida av Viksefjorden ligg i Haugesund kommune, mens nordsida ligg i Sveio kommune. Viksefjorden er om lag 12 meter brei i dette området. Det står ein fritidsbustad og eit naust på eigedomen, som i følge innspelet vert nytta til utleige. Føremålet med innspelet er å utvide Viksestraumen, slik at det vert betre passasje for båtar i området.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone langs sjø og vassdrag Terrenginngrep

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald	Marslag: Impediment. Naturtypar: Heile Straumen er Marin naturtype Sterke tidevassstrømmar (lokalt viktig). Naturvern: Ingen registreringar. Vilt/funksjonsområde: Ingen reg. Arter: Ingen registreringar.	Terrenginngrepet som vil gi breiare passasje vil kunne påverke den registrerte marine naturtypen i området, men denne består av breie passasjer elles i området. Eventuell sprenging må ta omsyn til marint og terrestrisk naturmangfald.	-2
Friluftsliv	Statleg sikra friluftsområde: Ingen Kartlagde friluftsområde: Ingen Innspelet ligg i strandsona og innanfor funksjonell strandsona. Strandsonearealet er ikkje definert som potensielt tilgjengeleg strandsona grunna etablerte tiltak.	Innspelet vil gi betre vilkår for friluftsliv til sjøs, og vil elles i liten grad påverke friluftslivsverdiar langs strandsona.	0
Landskap	Innspelet er ein del av Moderat bølgeeksponert småkupert kystlette (NiN). Innspelet ligg innanfor landskapstype Våg- og smalsundlandskap, og har landskapsverdi 3 (middels verdi) – vanlig førekomande i regional saman-	Terrenginngrepet vil påverke landskapet langs strandsona, men arbeidet må avsluttast mot terrenget rundt på ein skånsam og tiltalende måte.	-2

	heng, og/eller over gjennomsnittet lokalt. Landskapet i området skrår bratt ned i mot sjø, og består av landbruksområde som er spreidd ut-bygd. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/		
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne, kulturmiljø eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor eller i nærleiken av innspelet.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Naturressursar	Ingen registreringar.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Teknisk infrastruktur	Ikkje relevant.		X
Nærmiljø og stadutvikling	Ikkje relevant		X
Karbonrike areal	Ingen registreringar.		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		X
Strandsone	Innspelet inneber terrengendring i strandsona, som vil betre vilkår for friluftsliv til sjøs. Sprenginga vil endre på landskapet i strandsona i området, noko som vil gje negative landskapsmessige konsekvensar		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet inneber terrengendring i strandsona, som kan betre vilkår for friluftsliv til sjøs. Sprenginga vil endre på landskapet i strandsona i området, noko som kan gje negative miljømessige konsekvensar		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg under marin grense. Registrert lausmasstype er morenemateriale.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg til sjø og vert såleis råka av stormflo/havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Ikkje relevant.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv.		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det går ingen høgspennlinje i innspelet.		
Innsatstid brann	Ikkje relevant.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	0	-2	0	0	X	X	0	X

Tiltaket vil utvide Viksestraumen noko, slik at det vert betre passasje for båtar i området, noko vil betre vilkår for friluftsliv til sjøs. Terrengingrepet vil påverke naturmangfald og landskapet langs strandsona. Det bør innhentast uttale frå mellom anna hamnemynde før det eventuelt vert gjeve løyve til å sprengje vekk knausen, og eit eventuelt løyve til tiltaket vil truleg vera uavhengig av gjeldande arealføremål i området.


Dersom det vert gjeve løyve til tiltaket må arbeidet eventuelt avsluttast mot terrenget rundt på ein skånsam og tiltalende måte, og gjennomførast på ein måte som tek omsyn til marint og terrestrisk naturmangfald.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik

Fagleg tilråding innspel: Innspelet bør løysast gjennom andre prosessar enn KPA

11. HAMNEOMRÅDE I SJØ

23.7327_1 Hamneområde i sjø

<p>Gjeldande arealbruk: Friluftsområde i sjø Tilstøytande reg.plan: kai</p>	<p>Arealendring</p> 
<p>Planlagt arealbruk: Hamneområde i sjø</p>	
<p>Arealstorleik planlagt arealbruk</p>	<p>10,9 daa</p>
<p>Skildring av området</p>	<p>Innspelsområdet ligg i sjø, tilknytt eksisterande næringsverksemd i Møl-strevåg. Lenger vest er det etablert bustader og bygg tilknytt fritid- og turisme, og nord og vest er det næringsverksemd i drift.</p>
<p>Aktuelle problemstillingar</p>	<p>Strandsone</p>

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens
<p>Naturmangfald</p>	<p>Markslog: sjø Naturtypar: ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Arter: mange fuglearter i området, m.a. storspove, makrellterne (begge EN), sandsvale, grønnpink, gulspurv, granmeis, gråmåke, fiskemåke, båndkorsnebb (alle VU), gråspurv taksvale, gjøk, stær, og tjeld (alle NT).</p>	<p>Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsone er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsone er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.</p> <p style="text-align: right;">-2</p>
<p>Friluftsliv</p>	<p>Statleg sikra friluftområde: Ingen Registrerte friluftslivområde: Ingen Innspelet ligg i strandsone (byggjeforbodsona og funksjonell strandsone). Innspelsområdet er registrert som ikkje potensielt tilgjengeleg strandsone.</p>	<p>Det er i dag ikkje tilgang til strandsone og sjøen i området, då tilstøytande areal på land er regulert kai og næringsbygningar. Avgrensa verknader for friluftsliv.</p> <p style="text-align: right;">0</p>
<p>Landskap</p>	<p>Innspelet er ein del av Moderat bølgeeksponert småkupert kystslette (NiN). Innspelet ligg innanfor</p>	<p>Arealet er tilknytt etablert næringsverksemd med kai, og ei endring av arealføremål</p> <p style="text-align: right;">0</p>

	<p>landskapstype Våg- og smalsund-landskap, og har landskapsverdi 2 – vanlig førekomande i lokal samanheng.</p> <p>Landskapet i området er skrint og kupert, og består av kystlynghei. Næraste område er planert ut og består av næringsbygningar og kai.</p> <p>Sjå 3D-kart her: Kommunekart 3D</p>	i tilstøytande areal i sjø vil vera ei naturleg del av etablert næringsområde til sjø. Dette vil såleis ha avgrensa verknader for landskap og landskapsuttrykk.	
Kulturminne og kulturmiljø	<p>Det er ingen registrerte kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor eller i nærleiken av innspelet. På land i vest er det registrert ei omsynssone for kulturmiljø (steinbrot/sjøbruksmiljø), som består av murane etter saltebuene i Hardingehola/Hamni. Litt lenger ute finn ein spor etter steinbrotet der det blei tatt ut granitt. Mølstrevåg var handelsstad sidan slutten av 1600-talet. Under det store vårsildfisket på 1800-talet var det heile 12 salteri her. I dag er Mølstrevåg prega av industriverksemd. Bygningane knytt til den gamle handelsstaden blei rivne i 2020-2023.</p>	Tilstøytane areal på land er planert og brukt i etablert næringsverksemd, og endra arealføremål i sjø vil ha avgrensa konsekvensar.	0
Naturressursar	Ingen registreringar	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Ikkje relevant.		X
Nærmiljø og stadutvikling	Ikkje relevant		X
Karbonrike areal	Ingen registreringar.		0
Næringsliv og sysselsetting	Det er eit behov for hamneområde i Sveio kommune, og ei hamn med tilhøyrande næringsbygningar vil kunne vera positivt for næringslivet i Sveio kommune. Det må vurderast om dette er rett lokalisering av eit slikt hamneområde.		+1
Strandsone	Innspelet ligg i sjø. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokalisert i tilknytning til annan busetnad, og at slike område skal prioriterast for sjøtilknytt verksemd. Innspelet er såleis i tråd med strandsonerettleiaren.		
Samfunnsnytte og berekraft	Det vil vera nyttig for Sveio kommune å få lagt til rette med meir hamne- og kaiområde, og det er naturleg å leggja til eit hamneområde utanfor den etablerte næringa på land.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg under marin grense.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert fare-/aktsemdsområde for flaum innanfor innspelet, men lenger nord er det registrert aktsemdsområde tilknytt bekk som renn ut i sjø like ved innspelet.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn

	Innspelet ligg i sjø og vil vera utsett for risiko knytt til stormflo/havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Trafikktryggleik må vera tema for ein eventuell reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg inntil industriområde med støyande verksemd, og innspelet vil kunne føre til ei auke i støy til omgjevnadane, ettersom ein kan ankre opp skip og konstruksjonar i sjøområdet.		
Stråling frå høgspenst	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert høgspenstleidningar innanfor innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 7 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	0	0	0	0	X	X	0	+1

Innspelet ligg tilknytt eit område med etablert næringsverksemd, inkl. kai. Arealføremålsendinga høyrer naturleg til etablert verksemd i området.

Området kring Ølen betong er eit område med ulike interesser, knytt til næringsverksemda og friluftslivinteresser kring Ryvarden, og med registrert naturtypar med stor og svært stor verdi i området. Samstundes er parkerings- og trafikksituasjonen krevjande. Heile dette området bør handsamast i ein områdeplan, for å søka å finna gode løysingar der næringsverksemda får høve til utvikling, samstundes som friluftslivinteressene og nærliggande bustader vert tekne i vare.

Dette gjeld for innspela 16.11672_2, 16.11672_4, 23.3663_1 og 23.3663_2 i tillegg til dette innspelet.

ROS-analyse: Flaum, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik, støy


Fagleg tilråding innspel: Innspelet må sjåast i samanheng med andre innspel i same område.

12. FLEIRE FØREMÅL

16.11897_1 Spreidde bustader, 16.11897_3 Andre typar bygningar og anlegg (naust), og 16.11897_4 Småbåthamn, 23.2033 Kombinert formål (naust og næringsbygningar), gbnr. 60/4

<p>Gjeldande arealbruk: LNF, Spreidde bustader (LNF), Friluftsområde i sjø</p>	<p>Arealendring</p>
<p>Planlagt arealbruk/tal einingar: 16.11897_1 (1): Spreidde bustader (utviding av eks.) 23.2033 (2): Naust eller Kombinert føremål naust/næring (flytting av deler av NA_34) 16.11897_3 (3): Andre typar bygningar og anlegg (naust) 16.11897_4 (4): Småbåthamn</p>	
<p>Arealstorleik planlagt arealbruk</p>	<p>16.11897_1 (1): 1,2 daa 23.2033 (2): 2,1 daa 16.11897_3 (3): 3,8 daa 16.11897_4 (4): 1,4 daa</p>
<p>Skildring av området</p>	<p>Innspelet ligg i Pøylo, inst i Mølstrevågen. Området fell ned mot sjø, som er langgrunt i området. Det er etablert båtfeste og brygger, samt eit par naust i området. På land er det mykje fjell i dagen i det skrinne beiteområdet. Innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona i 100-metersbeltet og funksjonell strandsone. Innspelet peikar på at eksisterande naustområde NA-34 ikkje er eigna til utbygging, på grunn av bratt terreng, utfordringar med vegtilkomst, og dyrka mark. Innspelet peikar vidare på at det er ønskjeleg med eit kombinert næring/naustområde innanfor innspelet 2, for å ha høve til å lagre båtar innandørs og ut, eventuelt at området vert sett av til naust.</p>
<p>Aktuelle problemstillingar</p>	<p>Strandsone Naturressursar Overordna vurdering av behov for bustader og naust i kommunen og i delområdet</p>

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald	<p>Markslag: skog med høg bonitet fulldyrka jord og innmarksbeite. Naturtypar: Ingen registreringar. Naturvern: Ingen registreringar. Vilt/funksjonsområde: Ingen reg. Artar: Vipe (CR), brushane, gråmåke (begge VU), storskarv, stær, gjøk, (alle NT). Inst i Pøyno, tilgrensande innspela, er det registrert funksjonsområde (mulig reproduksjon) for tjeld (NT). Sjøområda innanfor innspela er grunne, og består av mudderbotn</p>	<p>Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som har funksjonar for naturmangfald. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Det er registrert ei rekkje fuglar tilknytt strandsona i området, samt den kritisk trua arten Vipe. Vipa hekkar i myr og strandenger, og er sterkt knytt til jordbrukslandskapet. Det største trugsålet utanom nedbygging av habitat er intensivering av jordbruk. Sjøområda er truleg viktige for vadefuglar i området.</p>	<p>1: -2 2: -2 3: -2 4: -2</p>
Friluftsliv	<p>Statleg sikra friluftområde: Ingen Kartlagde friluftsområde: Ingen Innspela ligg i strandsona, som i området i all hovudsak er definert som ikkje tilgjengeleg grunna eksisterande inngrep (bustader). Neset er definert som tilgjengeleg, med liten helling.</p>	<p>Etablering av tiltaka vil medføre auka arealbeslag og privatisering av strandsona, som dels er tilgjengeleg for friluftsliv i dag.</p>	<p>1: -2 2: -2 3: -1 4: -1</p>
Landskap	<p>Innspelet er ein del av Beskyttet indre småkupert kystslette (NiN). Innspelet ligg innanfor landskaps-type Våg- og smalsundlandskap, og har landskapsverdi 2 – vanlig førekomande i lokal samanheng. Landskapet i området skrår ned i frå fv. 4980 mot sjø, og består av skrint beite og naust, kaiar og båtfeste. Sjøområda er langgrunne. Området rundt er spreidd utbygd. Sjø 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/</p>	<p>Etablering av tiltaka vil medføre synlege inngrep i det eksponerte landskapsrommet ved sjø. Ei utfylling i sjø vil òg gi større verknader i området.</p>	<p>-2</p>
Kulturminne og kulturmiljø	<p>Det er ingen registrerte kulturminne, kulturmiljø eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor eller i nærleiken av innspelet.</p>	<p>Ingen kjende konsekvensar.</p>	<p>0</p>
Naturressursar	<p>1: 0,1 daa skog med høg bonitet, 0,4 daa fulldyrka jord og 0,5 innmarksbeite 2: 0,3 daa fulldyrka jord, og 1,5 daa innmarksbeite.</p>	<p>1-2: Utbygging i området vil medføre tap av eit avgrensa areal med skog av høg bonitet, samt eit mindre areal med fulldyrka jord og innmarksbeite. 3-4: Ingen kjende konsekvensar.</p>	<p>1: -2 2: -2 3: 0 4: 0</p>
Teknisk infrastruktur	<p>Innspelet har etablert traktor-/vegtilkomst. Det er ikkje etablert anna infrastruktur, men området ligg i tilknytning til eksisterande bygde område, og kan såleis truleg kopla seg på infrastruktur relativt enkelt. Det er kollektivtilbod, men ikkje veglys eller fortau langs fv. 4980.</p>		<p>-1</p>

Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg i tilknytning til etablerte bustader, naust og småbåtanlegg. Tiltaka kan bidra til nye næringsmoglegheiter for bebuarar i nærmiljøet, noko som vil vera positivt for stadutviklinga. Det er i overkant av 4 km til sentrum i Rophus/Ekrene, noko som inneber skuleskys.	0
Karbonrike areal	1: Det er registrert 0,1 daa skog med høg bonitet, 0,4 daa fulldyrka jord og 0,5 innmarksbeite, som er definerte som karbonrike areal. 2: 0,3 daa fulldyrka jord, og 1,5 daa innmarksbeite. 3-4: Ingen registreringar.	1: -1 2: -1 3: 0 4: 0
Næringsliv og sysselsetting	1, 3 og 4: Ikkje relevant 2: Næringsføremålet (lagring av båtar innandørs og ute) kan leggje til rette for sysselsetting i området og i kommunen.	1: X 2: +1 3: X 4: X
Strandsone	<p>Innspela ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø, samt funksjonell strandsone. Denne er i all hovudsak samanfallande med 100-meterbeltet i området, men trekt noko lenger mot sjø.</p> <p>1: Ønska arealbruk er bustader, og Strandsonerettleiaren for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokalisert til annan busetnad. Innspelet er såleis ikkje i tråd med strandsonerettleiaren/SPR</p> <p>2-4: Ønska arealbruk er kombinert føremål næring/naust, naust og småbåtanlegg. Strandsonerettleiaren for Vestland presiserer at det ved lokalisering av næringsområde bør vektleggjast om næringar og næringsverksemd som bidreg til auka lokal verdiskaping treng tilgjenge til sjøen. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Vidare skal behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar, leggjast vekt i vurderinga av tiltak i 100-metersbeltet. Det kan vera grunnlag for å tillate visse tiltak nær sjø, som for t.d. brygger, naust, næringstiltak og sjøretta reiselivsanlegg. Innspela er såleis dels i tråd med strandsonerettleiaren/SPR, dersom det er snakk om sjøretta næringsaktivitet.</p>	
Samfunnsnytte og berekraft		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for skred.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg under marin grense. Registrerte lausmassar i området er marin strandavsetning og morenemateriale, som kan indikere reell fare for kvikkleire.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn

	Innspelet ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	1: Innspelet ikkje ligg til sjø og vert såleis ikkje råka av stormflo/havnivåstigning.		
	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	2-4: Innspelet ligg til sjø og vert såleis råka av stormflo/havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegframføring til området, men utan fortau. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i området.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ingen støyande verksemdar tett på innspelet, og som heller ikkje vil ei særskilt auke i støy til omgjevnadane.		
Stråling frå høgspent	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert høgspenteleidningar i området		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 5,4 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friuftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	1: -2	-2	0	1: -2	-1	0	1: -1	1: X
	2: -2			2: -2			2: -1	2: +1
	3: -1			3: 0			3: 0	3: X
	4: -1			4: 0			4: 0	4: X
<p>Det er etablert kai, naust og båtfeste, samt tilkomst, til innspelet i frå før. Området rundt er spreidd utbygd med bustader, naust og kaiar/småbåtanlegg. Innspelet ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og funksjonell strandsone.</p> <p>Innspelet 1 er vurdert å ikkje vera i tråd med strandsonerettleiaren/SPR, og ei justering av grensa for spreidde bustader vil medføre utbygging i eit terreng i strandsona som er sårbart for inngrep.</p> <p>Innspelet 2-4 er vurdert å i all hovudsak vera i tråd med strandsonerettleiaren/SPR. Aktuelt areal er langgrunt og lite eigna til ønska arealbruk (2-4) utan utfylling i sjø, der registrerte fuglearter vil kunne bli forstyrra av auka aktivitet. Med bakgrunn i dette vert innspelet ikkje tilrådd.</p> <p>ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik, stormflo/havnivåstigning (innspelet 2-4). Registrerte lausmassar i området er marin strandavsetning og morenemateriale, som kan indikere reell fare for kvikkleire.</p>								
Fagleg tilråding innspelet 1 (16.11897_1), 2 (23.2033), 3 (16.11897_3) og 4 (16.11897_4): Negativ tilråding								

17.17369_1 Fritidsbustad, 17.17369_2 og _3 Andre typar bygningar og anlegg, gbnr.64/8 m.fl.

Gjeldande arealbruk: LNF	Arealendring
Planlagt arealbruk: 17.17369_1 (1): Fritidsbustad 17.17369_2 (2): Naust 17.17369_3 (3): Naust 17.17369_4 (4): tilhøyrande småbåtanlegg, lagt til av adm.	
Arealstorleik planlagt arealbruk	17.17369_1 (1): 10 daa 17.17369_2 (2): 0,7 daa 17.17369_3 (3): 1,2 daa 17.17369_4 (4): 0,9 daa
Skildring av området	Innspelet ligg i Hidlesvågen. Området er dels bygd ut, med fritidsbustader og naust. Innspel 2-4 ligg i strandsona, innspel 1 ligg også i hovudsak innanfor byggjeforbodssona i 100-metersbeltet og funksjonell strandsona.
Aktuelle problemstillingar	Strandsona Overordna behovsvurdering for areal til fritidsbustader

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald	Markslag: Lauvskog av middels bonitet, bebygd, sjø Naturtypar: Deler av innspelet overlappar med naturtypen kystlynghei. Naturtypen er registrert med svært lav kvalitet, svært redusert tilstand, og middels verdi. Sjøområda er omfatta av naturtypen Fjorder med naturlig lavt oksygeninnhold i bunnvannet, med verdi Viktig. Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje reg. Arter: Ikkje registrert	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Vidare utbygging innanfor området vil medføre negative konsekvensar for registrert kystlynghei.	1: -2 2: -1 3: -2 4: -1
Friluftsliv	Statleg sikra friluftsområde: Ingen Registrerte friluftslivområde: Ingen Innspel 1 ligg i all hovudsak innanfor byggjeforbodssona i 100-metersbeltet, og dels innanfor funksjonell strandsona. Heile inn-	Etablering av fleire fritidsbustader i området vil medføre auka privatisering av strandsona, som dels er tilgjengeleg for friluftsliv i dag. Bygging av fleire naust i området vil også medføre auka arealbeslag og	-1

	spel 2 og 3 ligg innanfor funksjonell strandsona. Det meste av strandsona innanfor innspel 1, og heile strandsona innanfor innspel 2 og 3 er registrert som ikkje potensielt tilgjengeleg, grunna fritidsbustader som ligg tett på.	dels auka privatisering av strandsona. Området er allereie bygd ut med fleire einingar, og konsekvensen vil såleis vera avgrensa.	
Landskap	<p>Innspelet ligg innanfor landskapsområdet Nordresund, som er ein del av landskapstypen Våg- og smalsundlandskap. Området er registrert med verdi 3.</p> <p>Det er ein del fritidsbusetnad i strandsona kring Hidlesvågen. Terrenget i innspelsområdet er relativt kupert, særleg nærast sjøen. Det høgste punktet innanfor innspel 3 ligg til dømes 11 m.o.h., og det er bratt ned til sjøen. Innspel 1 er dels utbygd med hytter. Hyttene er i hovudsak lagt i dei lågareliggande delane av landskapet.</p> <p>Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/</p>	<p>Det er fleire tiltak, både hytter og naust, innanfor innspelet. Terrenget er relativt kupert, og etablering av fleire naust i området vil medføre vesentlege terrenginngrep i strandsona.</p> <p>Utbygging med fritidsbustader i den austre del av innspel 1, utanfor funksjonell strandsona, vil vise godt igjen i landskapet, då eksisterande bygg i området i hovudsak er plassert i lågareliggande deler av terrenget.</p>	<p>1: -2 2: 0 3: -2 4: -1</p>
Kulturminne og kulturmiljø	Det er registrert eit kulturmiljø på sørsida av innspela. Dette er vist som omsynssone H570_82B) i kulturminneplanen (enkeltminne/jordkjellar/ruinar). Det er fleire SEFRAK-registrerte bygg innanfor omsynssona; eitt i raud kategori, og sju i grå kategori.	Det er ingen direkte påverknad av innspela på kulturminne og kulturmiljø.	0
Naturressursar	Det er registrert lauvskog av middels bonitet innanfor innspela.	Vidare utbygging innanfor innspel 1 kan medføre tap av lauvskog av middels bonitet. For dei andre innspela er det berre snakk om mindre areal.	<p>1: -1 2: 0 3: 0 4: 0</p>
Teknisk infrastruktur	Det er vegframføring til innspel 1. Nausta innanfor innspel 2 og 3 har ikkje vegframføring. Ev. nye einingar i området kan truleg kopla seg til eksisterande infrastruktur.		-1
Nærmiljø og stadutvikling	Ikkje relevant		X
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal i form av skog av middels bonitet innanfor innspel 1.		<p>1: -1 2: 0 3: 0 4: 0</p>
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		X
Strandsona	Innspela ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø og dels innanfor funksjonell strandsona. Ønska arealbruk er fritidsbustad og naust. Strandsonerettleiaren for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokalisert til annan busetnad. Innspel 1 er såleis dels i tråd med strandsonerettleiaren/SPR.		


	<p>Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokalisert i tilknytning til annan busetnad. Innspel 2 og 3 er såleis i tråd med strandsonerettleiaren, då det allereie er etablert naust innanfor innspelet.</p>	
<p>Samfunnsnytte og berekraft</p>	<p>Områda er dels utbygd, og det er vegtilkomst til området. Ein kan truleg kople seg på infrastruktur i nærleiken.</p> <p>Tilrettelegging for fritidsbustader er positivt for attraktiviteten til kommunen, og fritidsbustader kan styrkje grunnlaget for lokalt handels-, service- og kulturtilbod, som kjem fastbuande til gode. Fritidsbustader, naust og småbåtanlegg har elles avgrensa samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda.</p> <p>Areala er i dag dels urørte område, og ei vidare utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv.</p>	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred.			
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
Innspel 1 ligg i hovudsak under marin grense. Innspel 2 og 3 ligg under marin grense.			
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for flaum.			
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
Innspelet vil vera utsett for risiko knytt til stormflo og havnivåstigning.			
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
Det er vegtilkomst til innspel 1. Trafikktryggleik må vera tema for ein eventuell reguleringsplan for området.			
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspelet.			
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv.			
Stråling frå høgspent	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
Det er ikkje registrert høgspenteleidningar innanfor eller i nærleiken av innspelet.			
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 6 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
1: -2	-1	1: -2	0	1: -1	-1	X	1: -1	X
2: -1		2: 0		2: 0			2: 0	
3: -2		3: -2		3: 0			3: 0	
4: -1		4: -1		4: 0			4: 0	
<p>Innspela er dels bygd ut, både med fritidsbustader og naust. Innspel 1 ligg i all hovudsak innanfor byggjeforbodsområdet i 100-metersbeltet til sjø, og dels innanfor funksjonell strandsoner. Dei områda som ikkje allereie er bygd ut overlappar med registrert naturtype kystlynghei med middels verdi. Dei delane av innspelet som ligg innanfor funksjonell strandsoner er ikkje i tråd med strandsoneretteleiaren for Vestland, som seier at fritidsbustader som hovudregel ikkje skal lokaliserast i strandsona. På bakgrunn av dette vert innspel 1 ikkje tilrådd.</p> <p>Innspel 2 er i stor grad utbygd med naust og brygger, og vert positivt tilrådd.</p> <p>Innspel 3 er dels bygd ut med naust, og det er ingen tiltak innanfor innspel 4. Dei delane av innspel 3 som ikkje er utbygd overlappar dels med registrert kystlynghei med middels verdi i området. Terrenget er bratt i området, og etablering av fleire naust vil medføre vesentlege terrenginngrep i strandsona. Innspelet vert likevel positivt tilrådd, då det ligg i eit område som allereie dels er utbygd med naust. Innspelet 4 er lagt inn som tilhøyrande småbåtanlegg utanfor naustinnspelet (innspel 3).</p> <p>ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik</p>								
Fagleg tilråding innspel 1,: Negativ tilråding								
Fagleg tilråding innspel 2, 3, 4: Positiv tilråding								

22.7854_1 og _4 Idrettsanlegg, 22.7854_2 Friområde og 22.7854_3 Kombinert føremål Idrettsanlegg (Paintballbane), gbnr. 67/2

<p>Gjeldande arealbruk: LNF</p>	<p>Arealendring</p>	
<p>Planlagt arealbruk/tal einingar: 22.7854_1 (1): Idrettsanlegg (Paintballbane inkl. klubbhus) 22.7854_2 (2): Friområde 22.7854_3 (3): Kombinert føremål Idrettsanlegg (Paintballbane) og Fritids- og turistformål (overnatting) 22.7854_4 (4): Idrettsanlegg (Paintballbane)</p>		
<p>Arealstorleik planlagt arealbruk</p>	<p>22.7854_1 (1): 38,7 daa 22.7854_2 (2): 4,5 daa 22.7854_3 (3): 9,4 daa 22.7854_4 (4): 2,5 daa</p>	
<p>Skildring av området</p>	<p>Området er kupert skogsareal på Straumsneset, ved Straumsvollvatnet. Det er etablert eit bygg og stiar i området. Innspelsområde 1 er i dag brukt som paintballbane, inkl. samlingsplass for spelarar (kan bli store grupper). Det er ønskeleg å vidareutvikle eksisterande bygg /areal med tilgang til dusj, toalett og servering, samt utbetre veg og parkering. Det er òg ønskeleg å lage ein klatrepark, ein liten badeplass med ei enkel brygge, stupetårn og sklie, samt å etablere ei sertifisert zipline over sjø til innspelsområde 2. Det er ønskeleg å gjera dagens tursti i frå innspelsområde 1 ned mot område 2 meir tilgjengleg for personar med nedsett rørsle. I innspelsområde 2 ønskjer ein å lage ein større badeplass med felles toalett og dusj for alle. Her kan det være ønskeleg med eit grøntområde og terrasse med minimalt omgjerding av terreng og natur. I innspelsområde 4 ønskjer ein å etablere ein bane med føremål om å kunne arrangere Norgesmesterskap i paintball i Sveio. I innspelsområde 3 ønskjer ein å få oppføre eit overnattingsbygg i samband med NM-banen, med toalett og dusj.</p>	
<p>Aktuelle problemstillingar</p>	<p>Strandsone (langs vassdrag) Naturressursar</p>	

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens
Naturmangfald	Markslag: innmarksbeite og skog av høg bonitet	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som 1: -2 2: -3

	<p>Naturtypar: Innspelsområde 1-3: Kystlynghei, med varierende kvalitet, tilstand og verdi. Innspelsområde 3 rører òg ved Naturbeitemark. Naturvern: Ikkje registrert.</p> <p>Vilt/funksjonsområde: Ligg innanfor registrert viltområde (ikkje prioritert) Skålaskogvågen, som er beskriver som; <i>Større, samanhengande lyngheiområde mellom Vikse og Langeset, heilt sørvest i kommunen, mot grensa til Haugesund kommune. Det skal ha hekka hubro i området tidlegare. Området er framleis aktuell hekkebiotop for hubro, men status er usikker. Elles er området relativt fattig, og status som viltområde bør vurderast nærmare når ein veit meir om området. Grunne buker med fleire holmar i Mølstrevågen og Hildesvågen kan vere viktige næringsøksområde for sjøfugl, men også dette bør dokumenterast betre.</i></p> <p>Artar: Ingen registreringar.</p>	<p>kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Utbygging vil medføre negative konsekvensar for registrert kystlynghei (utvald naturtype), men tiltaka vil ikkje innebere total nedbygging av areala, og det vil kunne vera mogeleg å gjennomføre tiltaka samstundes om ein tek i vare dei registrerte verdiane.</p> <p>Det vil vera uheldig å etablera paintballbane i eit registrert viltområde som mellom anna er eller har potensiale for å vera hekkeområde for hubro.</p> <p>Innspelsområde går berre inn på mindre område kystlynghei, mens innspel 2 og 3 overlappar i stor grad med naturtypar registrert med stor verdi.</p>	<p>3: -3 4: -1</p>
Friluftsliv	<p>Statleg sikra friluftsområde: Ingen</p> <p>Registrerte friluftslivområde: Ligg innanfor Straumsvollvatnet (viktig friluftsområde, nærturterreng). Det er tilrettelagt med merka stiar i området rundt vatnet.</p> <p>Innspelet ligg i strandsona (langs vassdrag), og området er i dag tilgjengeleg strandsone.</p>	<p>Etablering av paintballbanar vil privatisere området, som i dag er tilgjengeleg for ålmenta. Ein må difor sikre ålmenta si framkome i området, her medrekna tryggleik for både ålmenta og for spelarar. Ein må òg leggje til rette for ålmenta sitt opphald på ev. nye badeområde med tilhøyrande fasilitetar. Samstundes vil etablering av paintballbane vera med på å leggje til rette for friluftaktivitetar i området, noko som kan vera positivt med omsyn til friluftsliv.</p>	-2
Landskap	<p>Innspelet er ein del av Moderat bølgeeksponert småkupert kystslette (NiN). Innspelet ligg innanfor landskapstype Kystheiene, og har landskapsverdi 2 – vanlig førekomande i lokal samanheng.</p> <p>Landskapet i området er lettare kupert, og består av skog, med noko spreidd utbygd landbruksområde rundt.</p> <p>Sjå 3D-kart her: Kommunekart 3D</p>	<p>Utbygging i området vil medføre mindre terrenginngrep i strandsona, og vil ikkje endre landskapsuttrykket i særskilt grad.</p>	-1
Kulturminne og kulturmiljø	<p>Det er ikkje registrert SEFRAK-bygningar eller automatisk freda kulturminne innanfor innspela. Sør</p>	<p>Ingen kjende konsekvensar. Tiltaka vil kunne påverke det registrerte gardsmiljøet visuelt.</p>	0

	for innspel 3 og 4 ligg det eit gardsmiljø (H570_83B) i to tun med bygg frå 18- og 1900-talet		
Naturressursar	1: 37,1 daa skog av høg bonitet, og 0,7 daa innmarksbeite. 2: 0,8 daa skog av høg bonitet og 3,6 daa innmarksbeite. 3: 0,9 daa overflatedyrka jord og 8,5 daa innmarksbeite 4: 0,2 daa overflatedyrka jord registrert i AR5. På flyfoto ser det ut som at heile arealet inngår i dyrka mark.	1-3: Utbygging i området vil medføre tap av barskog av høg bonitet areal med innmarksbeite, samt overflatedyrka jord.	1: -2 2: -1 3: -1 4: -2
Teknisk infrastruktur	Innspel 1, 3-4 har etablert vegtilkomst. Det er truleg etablert anna privat infrastruktur, som dei nye einingane kan kopla seg på relativt enkelt. Det er ikkje kollektivtilbod, veglys eller fortau langs Straumavegen. Tiltaka vil medføre auka trafikk på Straumavegen, som er av relativt dårleg standard.		-2
Nærmiljø og stadutvikling	Området er relativt urørt, med spreidd utbygde landbruksområde rundt. Tiltaka kan etablerast utan å endre nærmiljøet i vesentleg grad, men dette må vurderast nærare i reguleringsplan.		0
Karbonrike areal	Tiltaka vil ha avgrensa fotavtrykk, og er difor vekta mindre enn dersom det var planlagt tiltak med høge fotavtrykk (bygg o.l.). 1: 37,1 daa skog av høg bonitet og 0,7 daa innmarksbeite, som er definert som karbonrike areal. 2: 0,8 daa skog av høg bonitet og 3,6 daa innmarksbeite. 3: 0,9 daa overflatedyrka jord og 8,5 daa innmarksbeite. Innmarksbeite er òg definert som karbonrike areal. 4: 0,2 daa overflatedyrka jord		1: -1 2: -1 3: -1 4: 0
Næringsliv og sysselsetting	Turisme i form av paintball og andre større samlingar, inkludert utleige av nokre einingar, kan vera positivt for næringslivet i området, samt leggje til rette for sysselsetting i området og i kommunen.		+1
Strandsone	Innspel 1-2 ligg innanfor 100-metersbeltet langs vassdrag. Her skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Ønska arealbruk er fritids- og turistføremål. Nye inngrep i ein vass-førekost skal vurderast etter vassforskrifta § 12. På eit overordna plannivå vurderer me at den ikkje kjem til anvending ettersom tiltaka ikkje vil medføre at miljømåla i forskrifta §§ 4-6 ikkje vert nådd eller at tilstanden vert forringa. I følgje vann-nett er det ingen påverknader til vassførekosten Straumsvollvatnet. Vurderinga vår av § 12 er gjort med atterhald om at ein sikrar naturleg vegetasjonsbelte, sikrar godkjende vass- og avløpsløyser og gjennomfører grunnarbeid utan å tilføre organiske massar i vassdraget. Vurderinga må gjennomførast på ny i ein reguleringsplan når ein har meir konkret informasjon, jf. Veiledning til bruk av vannforskriften § 12 - med presisering (Klima- og miljødepartementet 09.07.2021).		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelsområda 1-2 ligg i strandsona, områda 1-4 er i all hovudsak utan tiltak i dag. Retningslinjene for arbeidet med KPA gir at ein skal leggje til rette for etablering av næringsformer som turisme, reiseliv, gardsturisme og oppleving. I tillegg seier retningslinjene at det skal vera råd for privat å byggja utleigehytter på spesielle område (liknande Flokehyttene eller tretopphytter).		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert fare-/aktsemdområde for skred innanfor innspela		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn

	Innspela ligg under marin grense. Registrerte lausmassar i området er bart fjell		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspel 1-2 ligg dels til vatn, og er omfatta av aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela ligg ikkje til sjø, og vil ikkje vera utsett for risiko knytt til stormflo og havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Auka aktivitet i området, samt fleire og større køyretøy vil medføre konsekvensar for trafikktryggleiken. Det er vegframføring til området, men utan fortau. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ingen kjende støykjelder i nærleiken av innspelet, og innspelet vil ikkje medføre støy i seg sjølv.		
Stråling frå høgspent	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert høgspenteleidningar innanfor innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 8 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friidrettsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
1: -2	-2	-1	0	1: -1	-2	0	1: -2	+1
2: -3				2: -1			2: -1	
3: -3				3: -1			3: -1	
4: -1				4: -2			4: -1	
<p>Innspel 1-2 ligg i strandsona langs vassdrag. Innspelsområda er i all hovudsak ubygde, og innspela vil ha negative verknader for fleire tema. Aktiviteten er allereie etablert i området, og det er ikkje nødvendigvis ein aktivitet som vil medføre vesentlege arealbeslag. Det er såleis vurdert som at enkelte tiltak vil kunne vera moglege å etablere utan store negative verknader på dei registrerte verdiane, dersom desse vert betre kartlagd og teke omsyn til i ein reguleringsplanprosess. Tilkomsveg til området må òg undersøkjast nærare i samband med reguleringsplan for området. Det må også vurderast i ein eventuell reguleringsplanprosess kva for føremål som er mest hensiktsmessig å bruka på områda.</p> <p>Innspel 3 er i konflikt med naturtypar og innmarksbeite, mens heile arealet i innspel 4 ser ut til å vera i konflikt med dyrka mark. På bakgrunn av dette vert innspela ikkje tilrådd.</p> <p>ROS-analyse: Kvikkleire, flaum, trafikktryggleik</p>								
Fagleg tilråding innspel 1 (22.7854_1) og 2 (22.7854_2): Positiv tilråding, med plankrav								
Fagleg tilråding innspel 3 (22.7854_3) og 4 (22.7854_4): Negativ tilråding								

23.3663_1 Kombinert føremål, gbnr. 61/4, 11 og 23.3663_2 LNF, gbnr. 61/1

<p>Gjeldande arealbruk: Næring</p>	<p>Arealendring</p>
<p>Planlagt arealbruk/tal einingar: 23.3663_1 (1): Kombinert føremål for bustad og turisme 23.3663_2 (2): LNF med omsynssone friluftsliv</p>	
<p>Arealstorleik planlagt arealbruk</p>	<p>23.3663_1 (1): 2,2 daa 23.3663_2 (2): 36,9 daa</p>
<p>Skildring av området</p>	<p>Innspele ligg rundt Hamni, i Mølstrevåg. Område 1 er allereie bygd ut, med kombinert bustad og turismetilbod i form av utleigeleigheiter. Det er etablert eit naust innanfor innspele 2. Innspele går ut på å endre arealføremål frå næring til kombinert føremål for turisme og bustad, slik området er nytta i dag, samt ei omsynssone for å sikre området mot industriaktiviteten aust for innspeleområda.</p>
<p>Aktuelle problemstillingar</p>	<p>Strandsone</p>

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
<p>Naturmangfald</p>	<p>Markslag: Bygd areal, skog med middels og høg bonitet, fulldyrka jord Naturtypar: 1: Ingen registreringar. 2: Nordvestleg del er utvald naturtype etter naturmangfaldlova: Kystlynghei (B-verdi). Del av eit større område på om lag 6.000 daa. Aktuell del kartlagd etter DN-handbok 13 og etter NiN-metodikken, med svært stor KU-verdi. God tilstand og stort naturmangfald. Naturvern: Ingen registreringar Vilt/funksjonsområde: 1: Ingen reg. 2: Tilgrensande viltområde i nord beskrive som; <i>Nokså skrint lynghei-område med mange små vatn og tjørn, i hovudsak nord for vegen ut</i></p>	<p>1. Innspelet er allereie bygd ut, og ei endring i arealføremål vil få avgrensa verknadar for naturmangfald. 2: Innspelet vil sikre naturmangfald av stor verdi.</p>	<p>1: 0 2: +3</p>

	<p>mot Ryvarden. Området omfattar også kyststripa utanfor, inkl. Glitsholmen og Midtholmen som er hekkeområde for sjøfugl, først og fremst ærfugl. Kystlinja utanfor her og vidare nordover mot Eltravåg er kanskje det viktigaste kystavsnittet i kommunen for sjøfugl vinterstid, m.a. kan det i periodar ligge nokså mykje ærfugl her. Heiområdet veit vi lite om. Det skal hekke hubro i området, men nøyaktig stadfesting manglar. Dei mange småvatna i området kan ha kvalitetar for rastande ender og vadefuglar.</p> <p>Artar: 1: Ingen registreringar. 2: fagerrogn (NT), og mange fugleartar, m.a. storspove, makrellterne (begge EN), sandsvale, grønnefink, gulspurv, granmeis, gråmåke, fiskemåke, båndkorsnebb (alle VU), gråspurv taksvale, gjøk, stær, og tjeld (alle NT).</p>		
Friluftsliv	<p>Statleg sikra friluftområde: Ingen Registrerte friluftslivområde: Ingen, men Ryvardsmarka (Svært viktig) ligg tilgrensande i nord.</p> <p>Innspela ligg i strandsona og innanfor funksjonell strandsona.</p> <p>1: Strandsonerearealet er ikkje definert som potensielt tilgjengeleg strandsona. 2: Strandsonerearealet er registrert som potensielt tilgjengeleg, med ei helling på mellom 3-25 grader.</p>	<p>1: Slik området er bygd ut i dag (kombinert bustad og utleigeleilegheiter), gir det lite tilgjenge til sjøen i Hamni innanfor innspelet.. 2: Innspelet vil ta i vare eit område med friluftskvalitetar.</p>	<p>1: -2 2: +2</p>
Landskap	<p>Innspelet er ein del av Moderat bølgeeksponert småkupert kystslette (NiN). Innspelet ligg innanfor landskapstype Våg- og smalsundlandskap, og har landskapsverdi 2 – vanlig førekomande i lokal samanheng.</p> <p>Landskapet i området er skrint og kupert, og består av kystlynghei, skog og noko fulldyrka mark. Området er sørvendt, skrånande mot sjø. Innspelet ligg i strandsona, og det er allereie etablert nokre tiltak i dag.</p> <p>Sjå 3D-kart her: Kommunekart 3D</p>	<p>1: Arealføre målsendringa vil i stor grad ikkje påverke landskapsverdiene eller medføre endringar i landskapsuttrykk ettersom arealet allereie er utbygd. 2: Arealføre målsendringa vil i stor grad påverke landskapet positivt, ved å ta i vare eit relativt ubygd strandsonereareal.</p>	<p>1: 0 2: +2</p>

Kulturminne og kulturmiljø	<p>1: Det er ingen registrerte kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor eller i nærleiken av innspelet.</p> <p>2: Det er ingen registrerte kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor eller i nærleiken av innspelet. I vest er det registrert ei omsynssone for kulturmiljø (steinbrot/sjøbruksmiljø), som består av murane etter saltebuene i Hardingehola/Hamni. Litt lenger ute finn ein spor etter steinbrotet der det blei tatt ut granitt. Mølstrevåg var handelsstad sidan slutten av 1600-talet. Under det store vårsildfisket på 1800-talet var det heile 12 salt-eri her. I dag er Mølstrevåg prega av industriverksemd. Bygningane knytt til den gamle handelsstaden blei rivne i 2020-2023.</p>	<p>1: Ei arealføremålsendring frå næring til kombinert føremål i området vil ikkje medføre vesentlege endringar med omsyn til kulturmiljøet lenger vest.</p> <p>2: Arealføremålsendringa vil ta i vare dei registrerte verdiane i kulturmiljøet her.</p>	<p>1: 0</p> <p>2: +2</p>
Naturressursar	<p>1: Ingen registreringar på land eller i sjø.</p> <p>2: 0,7 daa skog med middels bonitet og 6,3 daa skog med høg bonitet, 2,1 daa fulldyrka jord.</p>	<p>1: Ingen kjende konsekvensar.</p> <p>2: Ei arealføremålsendring vil ta i vare fulldyrka jord og skog med middels og høg bonitet.</p>	<p>1: 0</p> <p>2: +2</p>
Teknisk infrastruktur	<p>1: Det er etablert vegtilkomst og annan infrastruktur tilknytt eksisterande bygningar. Det er kollektivtilbod langs fv. 4980, men ikkje fortau eller gateløys. Det er ikkje fortau eller gateløys langs kommunal veg eller privat veg i forlenging av fylkesvegen.</p> <p>2: Ikkje relevant.</p>		<p>1: -1</p> <p>2: X</p>
Nærmiljø og stadutvikling	<p>Innspela ligg i eit område med eksisterande bustad og turismeaktivitet. Innspela ligg om lag 6,5 km frå sentrum i Rophus/Ekrene, og vil i liten grad byggje opp under sentrumsområda i kommunen.</p>		<p>1: 0</p> <p>2: 0</p>
Karbonrike areal	<p>1: Det er ikkje registrert karbonrike areal innanfor innspelet.</p> <p>2: 0,7 daa skog med middels bonitet og 6,3 daa skog med høg bonitet, 2,1 daa fulldyrka jord, som er definert som karbonrikt areal.</p>		<p>1: 0</p> <p>2: +2</p>
Næringsliv og sysselsetting	<p>Turisme i form av utleigeleilegheiter kan vera positivt for næringslivet i området, som er knytt til friluftsliv og kulturtilboda på Ryvarden fyr. Samstundes er området sett av til næring i dag, og endring av føremål kan såleis vera negativt for næringsliv og sysselsetting.</p> <p>2: Ei endring i frå (sjøtilknytt) næringsområde til LNF vil vera særskilt negativt for næringsutvikling i området.</p>		<p>1: 0</p> <p>2: -2</p>
Strandsone	<p>1: Innspela ligg innanfor byggjeforbodssona (100-metersbeltet) langs sjø. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokalisert til tilknytning til annan busetnad. Det er spelt inn å endre frå næringsføremål til kombinert føremål for turisme og bustad. Strandsonerettleiaren for Vestland seier at reiselivsanelegg bør lokalisert til område som er lite konfliktylte i høve til strandsoneverdiane. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokalisert til annan busetnad. Innspelet er såleis dels i tråd med strandsonerettleiaren/ SPR.</p> <p>2: Innspelet inneber ei endring i frå utbyggingsføremålet næring til LNF med omsynssone friluftsliv, som vil sikre at dette strandsonerearealet forblir ubyggd, i tråd med overordna regelverk og retningslinjer.</p>		

Samfunnsnytte og berekraft	<p>1: Innspelet er utbygd, og føremålsendinga vil såleis ha liten verknad både med omsyn til samfunnsnytte og berekraft.</p> <p>2: Arealføremålsendinga vil vera berekraftig ettersom ein sikrar eit verdifullt område i frå nedbygging. På den andre sida er det behov for næringsareal som ligg til sjø, men desse må liggje på rett plass med omsyn til registrerte verdiar etter oppdatert kunnskapsgrunnlag ved rullering av kommuneplanen sin arealdel.</p>
-----------------------------------	---

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert fare-/aktsemdområde for skred innanfor innspela.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela ligg under marin grense. Registrerte lausmassar i området er bart fjell.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert fare-/aktsemdområde for flaum innanfor innspela.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela ligg til sjø og vert såleis råka av stormflo/havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er tilkomstveg til området i dag. Det er ikkje fortau eller gateløys langs vegar i området.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspela.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ingen støyande verksemdar tett på innspela, og som heller ikkje vil ei særskilt auke i støy til omgjevnadane. Lenger aust ligg industriområde med støyande verksemdar.		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert høgspennlinjer gjennom innspel 1, men det går ei høgspennlinje gjennom innspel 2.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Sveio sentrum, om lag 7 km frå innspela i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
1: 0	1: -2	1: 0	1: 0	1: 0	1: -1	0	1: 0	1: 0
2: +3	2: +2	2: +2	2: +2	2: +2	2: X		2: +2	2: -2

1: Innspelet er ei endring frå næringsføremål til kombinert føremål. Arealføremålsendinga vil kunna vera positiv for området ettersom det vil sikre dagens bruk av området for grunneigarar og besøkande turistar. Infrastruktur, vegsamband etc. er allerede etablert. Det er i utgangspunktet uheldig å etablere område for bustader- og fritidsbustader i strandsona, både mot. friluftsliv og tilgjenge, men òg av landskapsmessige omsyn. I dette tilfellet er området allerede bygd ut og nytte som kombinert føremål som dels sikrar tilgjenge til strandsona, og arealføremålsendinga vil ikkje medføre endringar i privatisering eller bruk av området enn det er i dag.

2: Innspelet inneber ei endring i frå utbyggingsføremålet næring til LNF med omsynssone friluftsliv, som vil sikre at dette strandsonearealet forblir utbygd. Området innehar store naturmangfaldverdiar og ligg tilknytt kulturmiljø og friluftsområde på Ryvarden. Arealføremålsendinga vil vera berekraftig ettersom ein sikrar eit verdifullt område i frå nedbygging. På den andre sida er det behov for næringsareal som ligg til sjø, men desse må liggje på riktig plass med omsyn til registrerte verdiar.

Området kring Ølen betong er eit område med ulike interesser, knytt til næringsverksemda og friluftslivinteresser kring Ryvarden, og det er registrert naturtypar med stor og svært stor verdi i området samstundes som parkering- og trafikksituasjonen er krevjande. Området er regulert i planen Del av Mølstrevåg - gnr. 61 frå 1986. Heile dette området bør handsamast i ein områdeplan, for å søka å finna gode løysingar der næringsverksemda får høve til utvikling, samstundes som friluftsiinteressene og nærliggande bustader vert tekne i vare. Dette gjeld for innspela 16.11672_2, 16.11672_4, 23.7327_1, 23.3663_1 og 23.3663_2 i tillegg til dette innspelet.

ROS-analyse: Innspel 1: Stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik

Fagleg tilråding innspel 1 (23.3663_1) og 2 (23.3663_2): Innspela må sjåast i samanheng med andre innspel i same område.